

Innhald

Bakgrunn for grovsilingskriteria	5
Kjelder	5
Fargekoder	6
Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter	6
Oversiktskart	6
FB101	7
FB102	8
FB103	10
FB104	11
FB105	13
FB106	14
FB107	16
Sangefjell	17
Oversiktskart	17
FB601	18
FB602	19
FB603	20
FB604	21
FR6.1	22
P 6.1	23
ABA6.1	24
Veståsen	25
Oversiktskart	25
FB605	26
FB606	27
FB607	28
Torpo, Oppheimsåsen og Syningen	29
Oversiktskart	29
FB501	30
FB502	31
FB503	32
FB504	33
FB505	34
FB506	36

FB507	38
FB508	39
FB509	40
FB510	41
FB511	42
FB512	43
FB513	44
FB514	45
FB515	46
FB516	47
FB517	48
FB518	49
FB519	50
FB520	51
FB521	52
FB522	54
Votndalsåsen	56
Oversiktskart 1	56
FB401	57
FB402	58
FB403	60
FB404	61
FB405	62
Oversiktskart 2	64
FB406	65
FB407	67
FB408	68
FB409	69
FB410	70
NÆ411	71
FB412	72
FB413	73
FB414	74
FB415	75
FB416	76
FB417	77
FB418	78

FB419	79
FB420	80
FB421	82
FB422	84
FB423	85
FB424	86
FB425	87
FB426	89
FB427	90
FB428	92
FB429	93
FB430	94
FB431	95
FB432	96
FB433	97
FB434	98
Leveldåsen	99
Oversiktskart	99
FB301	100
FB302	102
FB303	104
FB304	106
FB305	107
FB306	109
FB307	111
FB308	113
FB309	115
FB310	117
FB311	118
FB312	119
FB313	121
FB314	122
FB315	123
FB316	125
FB317	126
FB318	128
FB319	130

Vats	131
Oversiktskart	131
FB202	132
FB203	134
FB204	136
FB205	137
FB206	138
FB207	139
FB208	140
FB209	141
FB210	142
FB211	143
FB215	144
FB 216.....	146
FB217	148
FB218	150
FB219	151
FB220	153
FB221	155
Bergsjø – Rødungen	157
Oversiktskart	157
FB212	158
FB213	160
FB214	161
Infrastrukturtiltak -Veg	163
Oversiktskart	163
V4.1	164
V4.2	165
V4.3	166
V4.4	167
V4.5	168
V4.6	169
Anna bebyggelse og anlegg.....	170
Kraftverksføremål.....	170
ABA: 2.1.....	170
ABA: 2.2.....	171
ABA: 2.3.....	172

ABA: 5.1.....	173
ABA: 5.2.....	174
ABA: 6.2.....	175
ABA: 6.3.....	176
Ordliste med forkortingar	177

Bakgrunn for grovsilingskriteria

På bakgrunn av prosessvedtak i Kommuneplanutvalet, i sak 25/2024 i møte den 10.06.2024, og i Kommunestyret i sak 53/2024 i møte den 20.06.2024, vart det vedteke endringar av m.a. punkt 6 b) «Tomtereserve» i Dei overordna arealføringane i kommuneplanens samfunnsdel. Ny ordlyd vart:

*Det blir ikkje lagt ut nye område for ordinære fritidsbustader i perioden, men det blir gjeve opning for fortetting og utviding. Med **fortetting** meiner ein tettare utnytting av areala innanfor etablerte byggeområde i ein reguleringsplan, der ein nyttar allereie etablert infrastruktur. Tal nye einingar må vere klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet. **Utviding** er å sette av areal til nye fritidsbustader i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, der ein langt på veg kan nytte same etablerte infrastruktur. Innspelsområdet må i store delar av sin omkrins grense til det eksisterande utbyggingsområdet, og innspelsområdet må vere klart mindre enn det eksisterande utbyggingsområdet. **Eit nytt område** blir forstått som eit areal som verken kan gå inn under definisjonen fortetting eller utviding. Her må det i stor grad bli laga ny infrastruktur.*

I tråd med definisjonane får alle innspel som kjem under «nytt område» negativ tilråding frå Rådmannen.

Vidare vedtok Kommuneplanutvalet, i sak 13/2024 i møte den 08.04.2024, at følgjande nye grovsilingskriterium skal supplere kommuneplanens samfunnsdel og Dei overordna arealføringane for kommunens arealbruk ved grovsiling av innspela:

- Truga naturtypar/naturtypekartleggingar
- Myr og våtmark
- Skred- eller flaumutsette område

Følgjeleg er alle innspela som er spelt inn innan fristen 16.03.2024, men òg alle dei innspela som gjekk vidare i første grovsiling i 2021 (i tråd med vedtak i Kommuneplanutvalet i sak 13/2024 i møte den 08.04.2024), vurdert på nytt ut i frå dei same kriteria skissert over. I enkelte tilfelle der administrasjonen ser at eit innspel klart vil kome i konflikt med tema som kjem inn i finsilinga/konsekvensutgreiingane, sjølv om det ikkje er sett opp som grovsilingskriterium, har administrasjonen likevel valt å ta det inn i den samla vurderinga. Det kan t.d. gjelde tiltak som vil føre til nedbygging av jordressursar, tiltak som ligg innanfor randsone villrein eller tiltak som vil krysse skiløyper.

Kjelder

Kjelder som er nytta i vurderingane i grovsilinga:

- Ligg over skoggrensa: Flyfoto, lokalkunnskap, naturbase.no (Miljødirektoratets kartinnsynsløysing) og AR5.
- Rører ved truga naturtypar/ naturtypekartlegging: naturbase.no med kartlag: «Naturtyper KU-verdi»
- Rører ved myr og våtmark: AR5 og synfaringar
- Ligg i skred- og/eller flaumutsette område: «NVE aktsomhetsområder WMS» for flaum, jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred.
- Samla vurdering: Grovsilingskriteria, og Dei overordna arealføringar for kommunens

arealbruk.

Fargekoder


Raud: Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


Grøn: Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i KU.

Gul: Innspelet er både i strid- og i tråd med dei overordna arealføringane, og politisk vekting avgjer innspelet.


Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter

Oversiktskart




Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB101		
Innspelsnummer: 2 Forslagsstillar: Arnfinn Noss og Torleiv Halstensgard Gnr/bnr: 118/16 og 120/28 Storleik: Ca. 2,5 daa Dagens føremål: LNF-2A Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarane ynskjer å bygge på to tidlegare frådelte tomter i tråd med tidlegare jordskiftesak 1/1986, gjort i samband med arveoppgjer. Dei har vedlagt skriv om rett til å byggje veg i sameiga til tomtene (ca. 70 m). Tomtene ligg i tilknytning til Mjåvasstølen.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan eller i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og er derfor ikkje fortetting eller utviding. Innspelet blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		På grensa til snaufjell, i høgfjellsterreng på ca. 1025 moh.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med grovsilingskriteria eller dei overordna arealføringane. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB102		
Innspelsnummer: 4 Forslagsstillar: Primhovda Sør Gnr/bnr: 91/1, 99/3, 199/1, 104/2, 105/1 og 105/2. Storleik: Ca. 320 daa Dagens føremål: Alpinanlegg og skog- og jordbruk i reguleringsplan. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer at eit område på Primhovda, nord for Rosengardshovda Sør, på om lag 300 daa, blir avsett til fritidsbustader. Området ligg i reguleringsplan: Flatereguleringsplan Øvre-Ålsåsen, planID 2006012 regulert til alpinanlegg og skog- og jordbruk.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde og det er ikkje fortetting. Innspelsområdet ligg i aust inntil eksisterande byggeområde H4 i kommunedelpen for Primhovda, og grensar til felt H3 i sør. H3 (Rosengardshovda) er nyleg regulert, men ingen eksisterande bebyggelse i dag. Vidare står det i definisjonen på utviding at området i store delar av sin omkrins må grensa til det eksisterande utbyggingsområdet, og at det må vere «klart mindre enn» det eksisterande utbyggingsområdet. Innspelsarealet grensar i aust mot etablert område, men ikkje i store delar av sin omkrins. H4 er på om lag 114 daa, og innspelet på ca. 326, og følgeleg ikkje i tråd med definisjonen.
Nytt område	X	Arealet er ikkje i tråd med definisjonane på fortetting eller utviding, og må tolkast som eit nytt område. Her må det i stor grad bli laga ny infrastruktur.
Ligg over skoggrensa	X	Ja, store delar. Innspelsarealet ligg frå ca. 1000-1100 moh.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, i austleg del av innspelet.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Ein mindre del heilt i nord av innspelsarealet rører ved skredfare.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling

Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet er etter definisjonane eit nytt område. Likevel står det i Dei overordna arealføringane under «Levande grender» pkt. b) hytte/fritidsbustader at: «Det er opning for hyttefelt rundt skisenter og aktivitetsparkar.» Og Primhovda er i satsingsområdet rundt Ål skisenter. Kor langt «skisenter» strekk seg er eit tolkingsspørsmål. Det vart nyleg gitt igangsettingsløyve for ny heistrasé nord for Rosengardshovda. Innspelet kan i så måte både vere i strid med - og i tråd med- dei overordna føringane for kommunens arealbruk, men Rådmannen vurderer å ta innspelet ut, sidan det er i strid med grovsilingskriteria og definert som eit nytt område. Dersom det skulle vere politisk vilje for å likevel opne for fritidseiningar her, vil Rådmannen sterkt tilrå å avgrensa området vesentleg og berre opne for utviding inntil område H4 m.a. for å ikkje forskyve INON-område (inngrepsfrie naturområde) som i følgje Dei overordna arealføringane i pkt 4 Natur, landbruk og klima, under Natur bokstav c) skal bli verna om. Sidan dette området ligg innunder satsingsområde ved skiheis, sett Rådmannen det til gult.
---	--	---

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB103		
Innspelsnummer: 6 Forslagsstillar: Lene og Leif Ove Sataslåtten Gnr/bnr: 93/4 Storleik: Ca. 31 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Grunneigarar ynskjer utviding / fortetting med åtte nye hyttetomter. Innspelsarealet ligg innanfor detaljreguleringsplan Mykingstølen, planID 2006001.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg i hovudsak ikkje innanfor etablert byggeområde og fell derfor ikkje heilt innunder definisjonen på fortetting, men eit mindre areal på ca. 1 daa gjer det. Innspelet ligg nærme, men ikkje i direkte nærleik til det eksisterande utbyggingsområde møt aust, då det ligg myr i mellom. Innspelet grensar heller ikkje i store delar av sin omkrins til det etablerte byggeområdet, og blir derfor ikkje i tråd med definisjonen utviding.
Nytt område	X	Store delar blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, innspelet rører ved 8 daa myr. Og det er myr mellom det eksisterande feltet og innspelsarealet.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Ja, innspelet rører ved aktsemdområde for flaum langs det etablerte området.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med definisjonen på utviding. Innspelet rører ved myr og flaumsone, og kan derfor truleg ikkje nytte seg av eksisterande infrastruktur utan å måtte grave i myr. Vegtilkomst kan gå frå sør, men det vil krevje stort terrenginngrep. Rådmannen tilrår å ta innspelt ut, bortsett frå 1 daa som kan vurderst nærmare i KU som fortetting.

POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB104		
Innspelsnummer: 8 Forslagsstillar: Primhovda Sameige Gnr/bnr: 103/9, 104/19, 106/6, 109/4, 109/6 og 114/28. Storleik: Ca. 37,4 daa Dagens føremål: Friområde Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Sameiget ynskjer eit nytt hyttefelt på om lag 20-30 tomter i heisnært område innanfor Kommunedelplan for Primhovda, mot at sameiga sine område U6, H10, H11, H13, del av H15, H16 og H17 avsett til fritidsbustader i kommunedelplanen blir tatt ut. Innspelsarealet ligg delvis innanfor Flatereguleringsplan Øvre-Ålsåsen planID 2006012 og delvis innanfor Eldre reguleringsplan Svarteberg skiheiser planID 1982003.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, og heller ikkje inntil eit eksisterande utbyggingsområde. Innspelet er derfor å rekne som eit nytt område, som vil krevje at det i stor grad blir opparbeidd ny infrastruktur.
Ligg over skoggrensa	X	Ja, området ligg på mellom ca. 995 – 1010 moh.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet er etter definisjonane eit nytt område, og det er ikkje etablert verken veg eller anna infrastruktur. Likevel står det i Dei overordna arealføringane under «Levande grender» pkt. b) hytte/fritidsbustader at: «Det er opning for hyttefelt rundt skisenter og aktivitetsparkar.» Og Primhovda er i satsingsområdet rundt Ål skisenter. Kor langt «skisenter» strekk seg er eit tolkingsspørsmål. Det vart nyleg gitt igangsettingsløyve for ny heistrasé nord for Rosengardshovda. Innspelet kan i så måte både vere i strid med - og i tråd med- dei overordna føringane for kommunens arealbruk og Rådmannen vurderer derfor å ta innspelet ut, men sidan dette området ligg

		innunder satsingsområde ved skiheis sett Rådmannen det til gult.
--	--	---

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB105		
Innspelsnummer: 9 Forslagsstillar: Vibeke Brockmeier Gnr/bnr: 113/34 Storleik: Ikkje klarlagde grenser Dagens føremål: LNF med spreidde fritidsbustader – noverande i kommunedelplan for Primhovda Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilete: 	
Innspel: Ynskjer å få sett av frådelt tomt i Stavestølvegen til fritidsbustad. Tomta er tidlegare frådelt i 1967 som hyttetomt. No ligg den i eit område avsett til eksisterande spreidde fritidsbustader innanfor kommunedelplan for Primhovda.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	x	Innspelet ligg ikkje innanfor eksisterande utbyggingsområde, og er følgeleg ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. Dersom ein ser nabotomta mot vest som byggeområde, kan det tale for ei utviding. Men den grenser berre på ei side og ikkje i «store delar av sin omkrins», og tomta er ikkje «klart mindre enn» den andre tomta. Dette kan ikkje sjåast på å vere ei utviding i tråd med definisjonen, då det ikkje er eit etablert byggeområde, men eit stølsområde med fire spreidde eksisterande einingar. Tomta er derfor å rekne som eit nytt område. Det ligg etablert veg ca. 25 m unna tomta.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet er ut ifrå kriteria eit nytt område, og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB106		
Innspelsnummer: 72 Forslagsstillar: Liv Hofplass Gnr/bnr: 53/21 Storleik: Ca. 14 daa Dagens føremål: Ligg inne som eksisterande fritidshus/hytter i gjeldande kommunedelplan for Primhovda. Ønska føremål: Fritidsbustader / fritids- og turistføremål	Kartbilette: 	
Innspel: Ynskje om å få avsett heile eigedomen som ligg inntil Ål skisenter til fritidsføremål, slik at ho kan skilje ut nokre hyttetomter evt. anna aktivitet med turistføremål.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, men består av ein fritidseining, og er følgeleg ikkje fortetting. Arealet ligg inntil eksisterande byggeområde i sør; Veslestølen, og i nordaust grensar det til Reguleringsplan H9 kommunedelplan for Primhovda, planID 2006014, men her er det ikkje bygd noko per i dag. Mot aust ligg område H8 avsett til framtidige hytter i KDP for Primhovda, men her er det ikkje regulert. Følgeleg er det ikkje utviding, da innspelsarealet berre grensar til utbygd areal i sør, og ikkje «i store delar av sin omkrins» og det er heller ikkje «klart mindre enn det eksisterande utbyggingsområdet». Men aspekt ved arealet taler likevel for opning til arealføremålet, då det grensar til nedfart/skiløype i nord og ligg tilknytt satsingsområdet Ål skisenter. Tilkobling til kommunalt VA er også rimeleg lett tilgjengeleg.
Nytt område	X	Ut i frå utvalskriteria er det ikkje fortetting eller utviding, og må vurderast til nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Om lag halve arealet ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred, medan heile arealet ligg innanfor snøskred.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling

Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med definisjonane fortetting eller utviding, men det står i Dei overordna arealføringane under «Levande grender» pkt. b) hytte/fritidsbustader at: «Det er opning for hyttefelt rundt skisenter og aktivitetsparkar.» Innspelet kan i så måte både vere i strid med - og i tråd med- dei overordna føringane for kommunens arealbruk. Men sidan heile arealet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, og halve innanfor jord- og flaumskred, samt rører ved jordressursar, tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.
---	--	---


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB107		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	107 Elin Merete Blixhavn og Georg Gjøstein 93/2 Ca. 1 daa LNF 2B Fritidsbustad	Kartbilete: 
Innspel: Initiativtakarar ynskjer avsett tomt til fritidsbustad nord for stølsvollen Holli, langs vegen opp til hyttefeltet på Skotreberget. Innspelsarealet ligg like sør for, og utanfor, eldre reguleringsplan Nossebu hytteflet, planID 1986004.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan eller inntil eksisterande byggeområde, og fell derfor utanfor definisjonane på fortetting/utviding. Derfor må det reknast som eit nytt område. Det ligg likevel inntil eksisterande veg.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet fell ikkje innanfor definisjonane på utviding eller fortetting, og må etter utvalskriteria derfor reknast som nytt område. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Sangefjell

Oversiktskart



Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB601		
Innspelsnummer: 12 Forslagsstiller: Børge Bekkestad Gnr/bnr: 127/8 Storleik: Ca. 1,2 daa Dagens føremål: LNF Ønska føremål: Fritidsbustad		Kartbilete: 
Innspel: Ynskje om å setje av ei konkret tomt til fritidsbustad ved Hausestølvegen 100. Innspelsområdet ligg ved ei eksisterande hytte i LNF ved Bergstølhovdene på Sangefjell.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er ikkje fortetting. Tomta grensar ikkje i store delar av sin omkrins til etablert byggeområde (berre ei tomt), og kan derfor ikkje definerast som ei utviding. Tomta kan likevel nytte etablert veg fram.
Nytt område	x	Innspelet fell utanfor definisjonane fortetting/utviding, og må reknast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje fortetting eller utviding, og blir derfor å rekne som eit nytt område. Det er etablert veg fram til tomta, og det ligg ei fritidseining der frå før. Men ut frå utvalskriteria tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB602		
Innspelsnummer: 13 Forslagsstillar: Børge Bekkestad Gnr/bnr: 127/21 og 127/22 Storleik: Ca. 145 daa Dagens føremål: LNF Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer utviding/fortetting i eit område med eksisterande fritidsbustader. Området ligg langs Sangefjellvegen, søraust for Tiurvegen, med Nystøltjørn i nord. Arealet ligg ikkje innanfor ein eksisterande reguleringsplan.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet fell utanfor definisjonen på fortetting, då det ikkje er nokre fritidseiningar innanfor området. Arealet grensar i ytterkant til byggeområde i Tiurvegen, men området er ikkje «klart mindre enn» det eksisterande området som er på 92 daa. Innspelet grensar heller ikkje i store delar av sin omkrins til det etablerte området. Dermed fell det ikkje innanfor omgrepet utviding.
Nytt område	X	Innspelet blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		Området ligg på grensa til snaufjell heilt i sør på om lag 1060 moh. Området startar på om lag 1000 moh. Terrenget har fjellbjørk og grantre.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Innspelet rører ved myr i nord, og har fleire bekkedrag som leiar ut i Nystølmyrane/tjørn.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Nede i nordlege del rører innspelet ved aktsemdsområde for flaum.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet fell ikkje innanfor definisjonane av fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område. Innspelsarealet rører ved noko myr og fleire bekkedrag. Rådmannen tilrår ut frå dei gitte kriteria, å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB603		
Innspelsnummer: 101 Forslagsstillar: Geir Vidar Asgrimsplass Gnr/bnr: 123/357 Storleik: Ca. 3,2 daa Dagens føremål: LNF Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer å få bygge fritidsbustad på tomt i LNF. Innspelsarealet ligg ved Smettbak i Sangefjell, og to eksisterande fritidsbustader. Alternativt ynskjer initiativtakar at Ål kommune set verdien av tomte til kr. 0 for at eigaren kan sleppe å betale formueskatt på den.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er ikkje fortetting. Dette er heller ikkje ei typisk utviding, men innspelet grensar til eit mindre etablert byggeområde (to einingar), og det er mindre enn eksisterande byggeområde. Her kan ein ikkje nytte etablert infrastruktur, då det ikkje er veg, straum eller VA fram til hyttene.
Nytt område	x	Etter ei samla vurdering fell innspelet utanfor definisjonen på utviding, og må reknast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Innspelet rører så vidt ved myr i nordvest.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje fortetting, og kan heller ikkje vurderast som utviding. Det ligg to fritidseining der frå før, men det er ikkje etablert infrastruktur. Ut frå dei gitte kriteria tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB604		
Innspelsnummer: 119 Forslagsstillar: Hans Christian Veel-Skogholt Gnr/bnr: 125/43 Storleik: Ca. 1,2 daa Dagens bruk: Fritidsbebyggelse Dagens føremål: Fritidsbebyggelse noverande Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilette: 	
Innspelet: Initiativtakar ynskjer å dele ei tomt i Orrelie på Sangefjell i to. Det blir oppgitt at tomta er på 4,8 daa, men dette er ei sirkeltomt som ikkje har oppmålte grenser.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	I definisjonen på fortetting står det: «...tettare utnytting av areala innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan». Her er det ingen reguleringsplan, men likevel eksisterande fritidsbustadområde i kommuneplanen, med etablert infrastruktur. Tal nye einingar (éin) er også klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet. Samla tolkar administrasjonen dette som i tråd med fortetting.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er i tråd med definisjonen på fortetting, og Rådmannen tilrår å vurdere området nærmare i ein KU. Initiativtakar har fått beskjed om å måle opp grensene slik at dei blir klarlagde.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Friområde: FR6.1		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	11 Børge Bekkestad 127/8 Ca. 2,3 daa LNF Friområde	Kartutsnitt: 
Innspel: Initiativtakar ynskjer å utvikle eit område for aktivitet og fritid med badeplassar og parkering (innspel nr. 11). Ynskjer også, i samband med å sprengje og grave djupt nok for ein badeplass, å utvikle Langetjørnbekken til ein betre gytestad for ørret. Innspelet omhandlar tre ulike arealføremål, og kan sjåast i samanheng med P6.1 og ABA6.1.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Tiltaket rører ved aktsemdområde for flaum.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		I innspelet står det at målgruppa først og fremst vil vere hyttefolk på Sangefjell, men også fastbuande i Ål. Administrasjonen kan sjå nytten av eit slikt tiltak, samstundes er me kritiske til om eit slikt naturinngrep kan forsvarast. Om ein må sprengje og grave for å tilretteleggje for ein badeplass kan det vurderast til at området er ueigna. Med tanke på kvalitativt gode oppvekst- og gyteområde for fisk, er det ikkje ynskjeleg å kombinere dette med ein badeplass. Vidare vil det å sprengje/grave i eit vassdrag for å etablere badeplass i eit høgfjellsterreng ikkje vere i tråd med overordna nasjonale føringar. Det er elles mange badeplassar ein kan nytte i nærområdet. Ut i frå ei samla vurdering vil Rådmannen tilrå å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Parkering: P6.1		
Innspelsnummer: 11 Forslagsstillar: Børge Bekkestad Gnr/bnr: 127/8 Storleik: Ca. 1 daa Dagens føremål: Privat veggrunn/parkering i reguleringsplan Ønska føremål: Parkering	Kartutsnitt: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer å sette av eit område for parkering, då det lettar tilgangen til badeplass (innspel FR 6.1). Innspelet omhandlar tre ulike arealføremål og kan sjåast i samanheng med FR 6.1 og ABA6.1.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Parkeringsplassen ligg allereie regulert til parkering i eldre reguleringsplan; Bergstølhovda, del av g/b nr 127/8, planID 2005002, og er etablert. Etter avklaring frå initiativtakar i e-post 22.10.24 er det ikkje ynskje om å utvide p-plassen, berre sette den betre i stand. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Annen type bebyggelse og anlegg: ABA6.1		
Innspelsnummer: 11 Forslagsstilar: Børge Bekkestad Gnr/bnr: 127/8 Storleik: Ca. 0,7 daa Dagens føremål: Parkeringsplass i reguleringsplan. Ønska føremål: Reiskapsbod	Kartutsnitt: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer å sette av plass til eit reiskapshus ved Hausestølvegen, i eit område avsett til parkering / privat veggrunn i eldre reguleringsplan Bergstølhovda, del av gnr 127 bnr 8, planID 2005002. Føresegnene i reguleringsplanen i § 6.1 opnar for: «nødvendig bygg og anlegg i tilknytning til drift- og vedlikehold av tur-/løypenettet». Etter avklaring frå initiativtakar ynskjer han utvida bruk her i tillegg til traktor og reiskap, som m.a. utleige av bodplassar til «hyttefolk» til t.d. kajaker.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Tiltaket må ha ei maks grense for BYA. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet vidare i KU.

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Veståsen

Oversiktskart




Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB605		
Innspelsnummer: 20, 22 og 73 Forslagsstillar: Torleif Bjella m. fl. Gnr/bnr: 8/1 Storleik: Ca. 3 daa fordelt på to tomter Dagens føremål: Noverande og framtidig fritidsføremål i gjeldande KPA Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting av hytteområdet på Hagaheimstølen med til saman fem tomter. Innspelet kan sjåast i samanheng med FB 606 og 607.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	I definisjonen på fortetting står det: «...tettare utnytting av areala innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan». Her er det ingen reguleringsplan, men eksisterande fritidsbustadområde i kommuneplanen, med etablert veg. Tal nye einingar er også klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet. Samla tolkar administrasjonen dette som i tråd med fortetting. Den eine tomte, mot aust, ligg i hovudsak utanfor eksisterande område, og ut i framtidig fritidsbebyggelse i dagens kommuneplanen.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		Opent myrlandskap, men ikkje over skoggrensa.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		Området er ikkje kartlagd, og følgeleg mangelfull kunnskap om evt. truga naturtypar.
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Ytste del av tomte mot aust ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er i tråd med fortetting på tomte mot vest. Den andre tomte ligg ut i framtidig fritidsbebyggelse, og i så måte i tråd med arealføremålet, men denne rører ved aktsemdsområde for flaum. Rådmannen tilrår derfor å nedjustere arealet mot aust, slik at ein unngå flaumfare, og vurdere innspelet nærmare i ein KU.

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB606		
Innspelsnummer: 20, 22 og 73 Forslagsstillar: Torleif Bjella m. fl. Gnr/bnr: 8/1 Storleik: Ca. 2 daa fordelt på to tomter Dagens føremål: Noverande og framtidig fritidsføremål i gjeldande KPA. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting av hytteområdet på Hagaheimstølen med til saman fem tomter. Innspelet kan sjåast i samanheng med FB 605 og 607.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	I definisjonen på fortetting står det: «...tettare utnytting av areala innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan». Her er det ingen reguleringsplan, men eksisterande fritidsbustadområde i kommuneplanen, med etablert veg. Tal nye einingar er også klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet. Samla tolkar administrasjonen dette som i tråd med fortetting. Den eine tomte, mot aust, ligg i hovudsak utanfor eksisterande område, og ut i framtidig fritidsbebyggelse i kommuneplanen.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		Opent myrlandskap, men ikkje over skoggrensa.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		Området er ikkje kartlagd, og følgeleg mangelfull kunnskap om evt. truga naturtypar.
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		Om lag halve arealet av den nordlegaste tomte ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er i tråd med fortetting på den sørlegaste tomte. Store delar av den andre tomte rører ved aktsemdsområde for flaum, og ikkje i tråd med grovsilingskriteria. Rådmannen tilrår derfor å ta ut den nordlegaste tomte, og vurdere den sørlegaste tomte nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB607		
Innspelsnummer: 20, 22 og 73 Forslagsstillar: Torleif Bjella m. fl. Gnr/bnr: 8/1 Storleik: Ca. 1,3 daa Dagens føremål: Noverande og framtidig fritidsføremål i gjeldande KPA Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting av hytteområdet på Hageheimstølen med til saman fem tomter. Innspelet kan sjåast i samanheng med FB 605 og 606.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	I definisjonen på fortetting står det: «...tettare utnytting av areala innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan». Her er det ingen reguleringsplan, og tomte ligg utanfor eksisterande fritidsbustadområde i kommuneplanen. For å vere utviding må tomte ligge i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, men denne ligg lenger ut, då det ligg ein bekk med flaumsone i mellom. Tomte grensar ikkje i store delar av sin omkrins til det eksisterande byggeområdet, og området fell utanfor definisjonen på utviding. Innspelsarealet må derfor reknast som nytt område.
Ligg over skoggrensa		Opent myrlandskap, men ikkje over skoggrensa.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		Området er ikkje kartlagd, og følgeleg mangelfull kunnskap om evt. truga naturtypar.
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		Ein del mot vest ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje fortetting eller utviding, og blir derfor å rekne som eit nytt område. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Torpo, Oppheimsåsen og Syningen

Oversiktskart




Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB501		
Innspelsnummer: 24 Forslagsstillar: Carina Meland Gnr/bnr: 11/45 Storleik: Ca. 5 daa Dagens føremål: LNF-2A Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilette: 	
Innspel: Arealet er ei tidlegare frådelt hyttetomt. Det ble gitt dispensasjon til å bygge på tomta i 2015, men nye eigarar av tomta var ikkje klar over at denne berre gjaldt for tre år. Har no eit ynskje om å endre arealføremål til fritidsbustad. Tomta ligg nord for Gaurhovd, og like søraust for Buhovdvatnet.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er ikkje fortetting. Det ligg nokre spreidde fritidsbustader i området, men dette er ikkje i tråd med definisjonen på utviding, då tomta ikkje i store delar av sin omkrins grensar til etablert byggeområde. Innspelet må reknast som eit nytt område. Det ligg etablert veg ca. 70 m frå tomta.
Ligg over skoggrensa	X	Ja, innspelsområdet ligg i myrlendt høgfjellsterreng over skoggrensa.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Heile innspelsarealet ligg i boreal hei av stor verdi (områdenamn Buhovdvatnet Ø1).
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med grovsilingskriteria og dei overordna arealføringane for kommunen. I gjeldande KPA er det jf. punkt 3.1.1. byggeforbod i 2 A område for nye fritidshus eller frådelling av tomter til dette. Innspelet ligg innanfor omsynssone Bevaring naturmiljø Vola. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB502		
Innspelsnummer: 35 Forslagsstillar: Hallingdal Hytteservice Gnr/bnr: 19/3 Storleik: Ca. 27,5 daa Dagens føremål: Jord- og skogbruk i reguleringsplan, og ligg innanfor omsynssone Bevaring av anlegg Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Ynskjer fortetting av reguleringsplan for Barskrind Nordre, planID 2006023, med totalt 18 tomter fordelt på to område. Initiativtakarane meiner dette kan styrke området med tanke på m.a infrastruktur. Må sjåast i samanheng med FB522.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde og det er ikkje fortetting. Området grensar ikkje i «store delar av sin omkrins» til eksisterande utbyggingsområde og kan derfor ikkje gå under definisjonen på utviding. Området må reknast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med definisjonane på fortetting eller utviding, og er derfor eit nytt område. Store delar av innspelsarealet ligg innanfor bevaring kulturmiljø, landskap og vegetasjon. I føresegn 5.5 i reguleringsplanen står det m.a. at: «Det ikkje kan gjerast tiltak som kan skade, skjemme eller true både landskap, vegetasjon og kulturminner.» (innanfor denne sona). Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB503		
Innspelsnummer: 37 Forslagsstillar: Eirik Øen Gnr/bnr: 13/32 Storleik: Ca. 4,7 daa Dagens føremål: Eksisterande fritidsbustad/ LNF 2B Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilete: 	
Innspele: Ynskje om at heile hyttetomta skal bli avsett til fritidsføremål, samt moglegheit til å dele frå ei ny hyttetomt utan plankrav. Eigedomen har vass- og avlaupsanlegg som er dimensjonert for to fritidsbustader. Tomta ligg innanfor noverande fritidsbebyggelse i gjeldande kommuneplan, men med ein mindre del som ligg i LNF 2B, som då er ynska avsett til fritidsføremål.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	I definisjonen på fortetting står det: «...tettare utnytting av areala innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan». Her er det ingen reguleringsplan, men likevel eksisterande fritidsbustadområde i kommuneplanen, med etablert infrastruktur. Tal nye einingar (éin) er også klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet. Samla tolkar administrasjonen dette som i tråd med fortetting. Vidare var det ynskje om å utvide arealføremålet med ca. 0,4 daa frå LNF. Administrasjonen vurderer det til at ein fint kan dele frå ei tomt her utan å utvide byggeområdet inn i LNF 2B.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er i tråd med fortetting for ei ny tomt, men utviding i LNF 2B rår Rådmannen i frå. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet om fortetting nærmare i ein KU.

POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB504		
Innspelsnummer: 40 Forslagsstillar: Oppheimsåsen AS Gnr/bnr: 22/316 Storleik: Ca. 300 daa Dagens føremål: LNF-2B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Ynskje om å utvide detaljreguleringsplan for Nystølliasameiga planID 2013002, med eit område sør for Øknemyrvegen. Det blir oppgitt at det er straum, fiber og veg til arealet, og at det er etablert et kloakkanlegg som har potensiale i området.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde og det er derfor ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. Innspelsarealet grensar til Detaljregulering Nystølliasameiga, planID 2013002 i nordvest, men grensar ikkje i store delar av sin omkrins til det eksisterande utbyggingsområdet, og er ikkje «klart mindre enn det eksisterande utbyggingsområdet» (det eksisterande området er på om lag 300 daa). Innspelet er derfor ikkje i tråd med definisjonane på utviding eller fortetting, og blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ja, rører i nordaust til naturtypen kalkbjørkeskog (Øknemyran S4+5) av stor verdi.
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, innspelet rører ved myr mot søraust og sørvest
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Sjølv om det blir oppgitt at infrastruktur ligg klart i området, er innspelet ikkje i tråd med grovsilingskriteria. Innspelet blir å rekne som eit nytt område, og følgeleg tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB505		
Innspelsnummer: 38 Forslagsstillar: Ola Dale, Øystein Dale og Hanne Kristin Dale Frøyland. Gnr/bnr: 20/21 Storleik: Ca. 138 daa. Dagens føremål: Fritidsbustader og friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakarane ynskjer å fortette eit regulert område med 7-9 hyttetomter. Området består i dag av 15 frådelte hytter/fritidseigedomar. Oppgir at det er etablert eit mindre vatn- og avløpsanlegg i området, og at eksisterande infrastruktur kan nyttast.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan. Byggeområdet har ca. 15 eksisterande hytter, og det søkast om 7-9 fleire. Adminstrasjonen vurderer det til at 7 er klart mindre enn det eksisterande talet i utbyggingsområdet og derfor i tråd med definisjonen på fortetting. Innspelsarealet går ned mot sør og vekk frå det bebygde området, noko som kan definerast som utviding. Dette arealet er på ca. 44 daa, på det totale arealet som er 138 daa, og er klart mindre enn det eksisterande feltet. Det ligg i direkte nærleik til bebygd område, og kan langt på veg nytte eksisterande infrastruktur. Det Om det i store delar av sin omkrins grensar til eksisterande bebygd område er delt. Det grensar til etablert område innanfor reguleringsplanen i nord, og går ned mot tilgrensande område sør for feltet, innanfor reguleringsplan Barskrind Nordre, planID 2006023. Administrasjonen vurderer det til innspelet er i tråd med definisjonen fortetting, og samla sett også utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		Innspelsarealet ligg mot skoggrensa, i eit opent myrlandskap.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, nordleg del av innspelsarealet rører ved myr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Ja, grensa mot Øknevatnet rører ved aktsemdområde for flaum.


Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet kan definerast som fortetting/utviding, men rører ved myr og flaumsone, og må derfor justerast. Det ligg også tett på Øknevatnet og det er stadvis bratt, så området må nedjusterast. Rådmannen innstiller på å vurdere området nærmare i ein KU.

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB506		
Innspelsnummer: 112 Forslagsstillar: Live og John Rasmussen Gnr/bnr: 22/158 Storleik: Ca. 7,5 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan og LNF 2B i arealdelen Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer heile tomta si avsett til fritidsbustad, som den hadde den gang dei kjøpte den i 1998. Tomta ligg ved Øknemyrvegen, innanfor reguleringsplan «Nystølsameiga i Ål, planID 1988004».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg delvis innanfor og delvis utanfor byggeområde i reguleringsplanen, og delar av området er derfor i tråd med definisjonen på fortetting. Det står ikkje tal einingar det er ynskje om å fortette med i innspelet. Utvidinga som går utanfor avsett byggeområde i reguleringsplanen, kan ikkje tolkast til å vere «klart mindre enn» det eksisterande byggeområde. Utvidinga går ut frå eit område på ca. 5,5 daa, og utviding av på ca. 5 daa. Dersom ein tek med byggeområdet lenger nord, vil det totale arealet bli innanfor definisjonen på utviding, men utvidinga grensa ikkje i store delar av sin omkrins til det eksisterande byggeområde. Men utvidinga kan nytte allereie etablert infrastruktur som veg og straum.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Delar av innspelet er i tråd med fortetting innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, men ikkje utviding. Uavhengig av definisjon, består heile arealet av fulldyrka jord. Jordressursar er ikkje eit grovsilingskriterium, men Rådmannen vil ha

		negativ tilråding seinare i ein eventuell KU, så derfor tilrår Rådmannen å ta innspelet ut no.
--	--	---


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB507		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	113 Ingar Dalen på vegne av fleire 14/2 Ca. 1,6 daa Fritidsbebyggelse i reguleringsplan Fritidsbustader	Kartbilete: 
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 2 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsområdet ligg innanfor byggeområde i ein reguleringsplan, og kan nytte same etablerte infrastruktur. Tal nye einingar er klar mindre enn det eksisterande talet i utbyggingsområdet. Innspelet er derfor i tråd med definisjonen på fortetting.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		Innspelsarealet ligg mot skoggrensa i eit opent myrlandskap.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsområdet er i tråd med definisjonen på fortetting. Likevel ligg området i opent og myrlendt høgfjellsterreng mot skoggrensa. Samla sett vurderer Rådmannen det til at det er mange fritidseiningar og etablert infrastruktur i området, som er i tråd med tankegangen om fortetting. Rådmannen innstiller på å vurdere området nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB508		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 14/2 Storleik: Ca. 4,7 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 3 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsområdet fell ikkje innanfor definisjonen på fortetting, men området ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og grensar til eksisterande utbyggingsområde mot aust, i nord og delvis i sør. Dersom ein avgrensar det eksisterande utbyggingsområdet i aust, er dette området på ca. 7 daa, og innspelet er på 4,7, og kan tolkast til å vere «klart mindre enn», og følgeleg i tråd med definisjonen på utviding. Likevel vil området krevje ny veg.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		Innspelsarealet ligg mot skoggrensa i eit opent myrlandskap.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Rører så vidt ved myr i vest og sørvest.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Samla sett vurderer administrasjonen det til at innspelsområdet fell innunder definisjonen på utviding, men området vil krevje ny veg. Rådmannen tilrår å nedjustere arealet så det ikkje ligg i/inntil myr, og vurdere området nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB509		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	113 Ingar Dalen på vegne av fleire 21/1 Ca. 1,2 daa Friluftsføremål i reguleringsplan Fritidsbustader	Kartbilette: 
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 1 tomt. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde og det er derfor ikkje fortetting. Innspelet ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og kan nytte etablert veg. Men arealet grensar ikkje i store delar av sin omkrins til det eksisterande byggeområdet, men går ut mot myra.
Nytt område	X	Innspelet er ikkje fortetting eller utviding, og må derfor tolkast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		Innspelsarealet ligg i eit opent myrlandskap, men området er tresatt.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, om lag 1/3 (0,4 daa) av arealet rører ved myr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet fell ut frå dei gitte kriteria under nytt område og rører ved myr. Skiløypetraséen går langs kanten på innspelsarealet. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB510		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 21/1 Storleik: Ca. 4,5 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 2 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelet ligg i mellom etablerte byggeområde i ein reguleringsplan. Innspelet kan også tolkast til å vere utviding, då det ligg direkte tilknytt eksisterande byggeområde, og grensar i store delar av sin omkrins til desse.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er i tråd med definisjonen på fortetting/utviding. Området kan sjå bratt ut, men ut frå dei gitte kriteria tilrår Rådmannen å vurdere innspelet nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB511		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 21/24 Storleik: Ca. 10,1 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 5 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, og er derfor ikkje fortetting. Området ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde og er klart mindre enn det eksisterande området. Men arealet grensar ikkje i store delar av sin omkrins til det etablerte utbyggingsområdet, og tiltaket vil langt på veg krevje ny infrastruktur. Innspelet fell derfor ikkje innunder definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelet er verken fortetting eller utviding, og må tolkast som nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Arealet ligg innanfor området F6-8 i gjeldande KPA avsett til framtidige fritidsbebyggelse. Likevel ligg store delar av innspelsarealet innanfor 100 – metersona til vassdrag. Ut i frå dei gitte kriteria er uansett innspelet eit nytt område, og Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB512		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 21/1 Storleik: Ca. 3,3 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 2 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde og det er derfor ikkje fortetting. Innspelet ligg heller ikkje i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og grensar ikkje i store delar av sin omkrins til det eksisterande byggeområdet. Innspelsarealet fell derfor ikkje inn under definisjonen på utviding, sjølv om det ligg langs veg.
Nytt område	X	Innspelet er verken fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet blir eit nytt område, og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB513		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 21/29 Storleik: Ca. 3,3 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 2 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelet ligg ikkje i etablerte byggeområde i ein reguleringsplan, og er per definisjon ikkje fortetting. Innspelet ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde mot vest og ei tomt i sør, og langs veg, og kan tolkast som at det i store delar av sin omkrins grensar til eksisterande byggeområde. Det er også klart mindre enn det eksisterande byggeområde, og fell derfor under definisjonen på utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet er i tråd med definisjonen på utviding, og Rådmannen tilrår å vurdere området nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB514		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	113 Ingar Dalen på vegne av fleire 20/1 Ca. 9,3 daa Friluftsføremål i reguleringsplan Fritidsbustader	Kartbilette: 
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 5 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde i reguleringsplanen og det er derfor ikkje fortetting. Innspelet grensar til eksisterande byggeområde heilt i nord, men arealet grensar ikkje i store delar av sin omkrins til det eksisterande byggeområdet, og det er derfor ikkje i tråd med definisjonen på utviding. Innspelet blir derfor å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er verken fortetting eller utviding, og fell derfor under definisjonen på nytt område. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB515		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 20/5 Storleik: Ca. 12,5 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 5 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor byggeområde i ein reguleringsplan, og er ikkje fortetting. Det ligg likevel i direkte nærleik til eksisterande byggeområde mot aust, vest og i nord. Vidare må innspelsarealet vere klart mindre enn det eksisterande utbyggingsområdet for å definerast som utviding. I forhold til dei eksisterande byggeområda kring innspelet, er arealet «klart mindre enn», og fell under definisjonen på utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Ja, innspelet går under definisjonen på utviding og Rådmannen tilrår å vurdere innspelsarealet nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB516		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 20/9 Storleik: Ca. 5,3 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 2 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor byggeområde i ein reguleringsplan, og er ikkje fortetting. Det ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde mot sørvest, og det er også bebygd område mot aust. Innspelsarealet går likevel ut mot myra og vekk frå eksisterande byggeområde, og vil krevje at det blir laga noko ny infrastruktur. Samla sett vurderer administrasjonen det likevel til at innspelet er i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Ja, rører ved myr mot vest.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet fell under definisjonen på utviding, men må nedjusterast så det ikkje rører ved myra. Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB517		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 20/3 Storleik: Ca. 2,5 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 1 tomt. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, og er derfor ikkje fortetting. Området ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde mot sør, men arealet grensar ikkje i store delar av sin omkrins til det etablerte utbyggingsområdet, og fell derfor utanfor definisjonen på utviding. Innspelet er å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Ja, både mot vest og aust.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er å rekne som eit nytt område som rører ved myr. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB518		
Innspelsnummer:	113	Kartbilete: 
Forslagsstillar:	Ingar Dalen på vegne av fleire	
Gnr/bnr:	20/61	
Storleik:	Ca. 5,5 daa	
Dagens føremål:	Friluftsføremål i reguleringsplan	
Ønska føremål:	Fritidsbustader	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 5 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, men meir i mellom og går ut får eit byggeområde. Det er altså ikkje i tråd med definisjonen fortetting, men kan vere i tråd med utviding. Det ligg i direkte nærleik til byggeområde, men det grensar ikkje i store delar av sin omkrins til eksisterande byggeområde, berre i nordleg del, og administrasjonen vurderer det til å nedjustere arealet.
Nytt område	X	Store delar av innspelsområdet vil gå under definisjonen på nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet kan bli forstått som utviding i nordleg del, men fell over i nytt område lenger sør og mot myra. Rådmannen tilrår derfor å dele arealet i to, å ta ut sørlege del, og la eit område på ca. 2 daa stå att inntil tomte i nord- og vurdere dette nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB519		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 20/3 Storleik: Ca. 4,3 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 3 tomter. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde og er ikkje i tråd med definisjonen fortetting. Det ligg i direkte nærleik til byggeområde i nord, men grensar ikkje i store delar av sin omkrins til eksisterande byggeområde. Det eksisterande feltet er på om lag 5 daa, og innspelet er derfor ikkje «klart mindre enn» det eksisterande utbyggingsområdet. Innspelsarealet er derfor ikkje utviding eller fortetting, og fell under definisjonen nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet blir å forstå som eit nytt område, og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB520		
Innspelsnummer: 113 Forslagsstillar: Ingar Dalen på vegne av fleire Gnr/bnr: 20/3 Storleik: Ca. 2,1 daa Dagens føremål: Fritidsbebyggelse i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspelet: Initiativtakarar ynskjer fortetting på 1 tomt. Til saman utgjer innspelet 45 tomter på totalt ca. 70 daa innanfor detaljreguleringsplan; «Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg innanfor eksisterande fritidsbebyggelse i reguleringsplan, og kan derfor vere i tråd med fortetting. Likevel må det her opparbeidast veg, då ein kan ikkje nytte allereie etablert infrastruktur. Det same gjeld for utviding. Etter kor eininga er tenkt plassert, vil det krevje ca. 50 m veg. Innspelet er derfor ikkje heilt i tråd med verken omgrepet fortetting eller utviding, og må forståast som nytt område.
Nytt område	X	
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Administrasjonen meiner at innspelsarealet ikkje er i tråd med fortetting/utviding då den ikkje vil kunne nytte etablert infrastruktur. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB521		
Innspelsnummer: 96 og 89 Forslagsstillar: Liv Aslaug Holm og Grethe Irene Hellerud Gnr/bnr: 4/117 og 4/116 Storleik: 3 daa Dagens føremål: LNF -3 grender Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilette: 	
Innspel: To tomter som tidlegare, etter arveoppgjer, er avsett til fritidsbustader i 1976. Nye grenser er oppmålt i 2014. Dei ynskjer å sette opp to mindre hytter på stolper/søyler med låg standard utan VA og ny veg, der dei opphavlege husa på Sanderhaugen låg. Tomtene ligg på sørsida av Hallingsdalselva rett før Trillhus.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Tomtene ligg i LNF 3 – grender og ikkje inntil eksisterande byggeområde i reguleringsplan, eller i direkte nærleik til eksisterande fritidsbebyggelse. Innspelet fell derfor utanfor definisjonane fortetting/utviding.
Nytt område	X	Innspelsarealet blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Tomta mot aust kjem så vidt innanfor aktsemdområde for flaum.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet er å forstå som eit nytt område. I tråd med KPA føresegn 3.1.2 er det byggeforbod på tomter i LNF 2B frådelt før 1.1.1980, og desse tomtene er frådelte i 1976, og kan følgeleg ikkje byggast på. I dei overordna arealføringane i punkt 2 «Levande grender» under «Hytte / fritidsbustad» i bokstav a) står det: «Det er ikkje ønskjeleg med nye hytter / fritidsbustader i grendene.» Dette blir følgt opp i føresegna 3.2.1 bokstav b)i gjeldande KPA der det står at det ikkje er tillate ved nye fritidshus eller bruksendring til dette føremålet. Likevel kan desse tomtene falle innunder bokstav c) i «Tomtereserve» under «Hytteutvikling» i dei overordna arealføringane kor det er opning «...for

		eit mindre antal hyttefelt med særskilt miljøprofil med t.d. enklare infrastruktur, biologisk/elektrisk do og solcellestraum.» Slik sett kan derfor innspelet vurderast til å vere både i tråd- og i strid med dei overordna arealføringane i kommunen, men samla sett vurderer administrasjonen innspelsarealet til å ikkje oppfylle grovsilingskriteria. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.
--	--	---


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB522		
Innspelsnummer: 35 Forslagsstillar: Hallingdal Hytteservice Gnr/bnr: 19/3 Storleik: Ca. 32,5 daa Dagens føremål: Regulert til jord- og skogbruk i reguleringsplan. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Ynskjer fortetting av reguleringsplan for Barskrind Nordre, planID 2006023, med totalt 18 tomter fordelt på to område. Initiativtakarane meiner dette kan styrke området med tanke på m.a infrastruktur. Må sjåast i samanheng med innspel FB502.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, og er derfor ikkje fortetting. Innspelsområdet ligg i reguleringsplanen ikkje inntil eksisterande byggeområde, men det ligg to spreidde fritidseiningar sør for innspelsområdet. Arealet ligg likevel inntil eksisterande byggeområde i tilgrensande Detaljreguleringsplan Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, planID 2010002, og det ligg etablert veg langsmed arealet både mot aust og vest (og sør). Innspelsarealet grensar til det eksisterande feltet mot vest, men er ikkje «klart mindre enn» det eksisterande feltet til i tilgrensande plan (ca. 18 daa) og må nedjusterast for å kome under definisjonen utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Innspelet rører så vidt ved myr i nordleg del.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje «klart mindre enn» det eksisterande feltet det grensar til, og Rådmannen innstiller derfor på å justere ned arealet og opne for utviding langs

			vegen Elgvegen. Rådmannen tilrår å vurdere området nærmare i ein KU.
--	--	--	--


POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Votndalsåsen
Oversiktskart 1




Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB401		
Innspelsnummer: 42 Forslagsstillar: Vegard Ødegard Gnr/bnr: 48/2 Storleik: Ca. 60 daa Dagens føremål: Jordbruk/skogbruk i reguleringsplanen og LNF 2B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Ynskjer fortetting/utviding av eksisterande hyttefelt rundt Skardtjørn. Innspelsområdet ligg i hovudsak innanfor reguleringsplanen Bakke - Sehl, planID 1986001, og er avsett til jordbruk/skogbruk. Ein del på ca. 6 daa ligg innanfor reguleringsplan Skrindehaugen, 2004013.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	x	6 av 60 daa av innspelet kan vurderast som utviding innanfor reguleringsplanen Skrindehaugen. Men det resterande arealet, på ca. 54 daa som ligg innanfor reguleringsplan Bakke – Sehl, grensar ikkje til eksisterande byggeområde i planen, og fell derfor utanfor omgrepet utviding.
Nytt område	x	Ja, det som ligg innanfor reguleringsplan Bakke-Sehl.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	x	
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Rådmannen tilrår å dele innspelt i to: Fortetting på 6 daa innanfor reguleringsplan Skrindehaugen vurderast nærmare i ein KU. Det resterande arealet som går inn i reguleringsplan Bakke – Sehl går ut.

POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB402		
Innspelsnummer: 42 Forslagsstillar: Vegard Ødegård Gnr/bnr: 48/2 Storleik: Ca. 26 daa Dagens føremål: Fritidsbustad/Jordbruk/Skogbruk i reguleringsplanen. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Ynskjer fortetting av eksisterande hyttefelt (sør)aust for Øygardsdokka. Innspelsområdet ligg innanfor Reguleringsplan for Torkelstjørn, planID 1995007, og blir ei utviding/fortetting av eksisterande område for fritidsbustader.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Det ligg tre fritidseiningar innanfor eit mindre etablert byggeområde i reguleringsplanen Torkelstjørn, og innspelsområdet går ut frå dette og inn i LNF. Utbyggingsområda i reguleringsplanen Torkelstjørn, som er på heile 2885 daa, er i hovudsak i nord og i aust av reguleringsplanen. Dette eksisterande feltet heilt i sør er på ca. 5 daa, og innspelsområdet, som inkluderer dei tre fritidsbustadene, har eit samla areal på 26 daa- og er følgeleg ikkje i tråd med definisjonen på utviding då området ikkje er «klart mindre enn» det eksisterande byggeområdet. Når det gjeld fortetting her, blir det ikkje oppgitt kor mange einingar det er tenkt fortetta med, men ut frå definisjonen på fortetting skal tal nye einingar vere klart mindre enn det eksisterande talet i utbyggingsområdet, som er tre. Om ein kallar det fortetting eller utviding (dersom ein avgrensar innspelsarealet vesentleg) kan ein opna for ei tomt aust for dei tre einingane. Her er det regulert til parkeringsplass i reguleringsplanen som det må bli tatt omsyn til. Til vest rører innspelsarealet ved myr og flaumsone, og det eignar seg ikkje å utviding/fortette den vegen.
Nytt område		Innspelet fell i hovudsak innanfor nytt område, men kan utvidast/fortettast med ein eining. I hovudsak blir innspelet eit nytt område.

Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, innspelet rører ved mindre delar myr i nord og vest.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Ja, innspelet ligg innanfor aktsemdområde for flaum i vest/sørvest.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er for stort til å vere i tråd med utviding, og fell i hovudsak under «nytt område». Dersom ein avgrensar arealet vesentleg kan ein opne for ei tomt mot aust som kan vere i tråd med fortetting /utviding. Rådmannen tilrår å sjå på arealet mot aust (mellom eksisterande hytte og vegen) i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB403		
Innspelsnummer: 42 Forslagsstillar: Vegard Ødegård Gnr/bnr: 48/2 Storleik: Ca. 90,5 daa Dagens føremål: Fritidsbustad/Jordbruk/ Skogbruk i reguleringsplanen. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Ynskjer fortetting/utviding av eksisterande hyttefelt vest for Øygardsdokka. Innspelsområdet ligg innanfor Reguleringsplan for Torkelstjørn, planID 1995007, og blir ei utviding av eksisterande område for fritidsbustader.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Ca. 28 daa av innspelsarealet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan. Det blir ikkje oppgitt i innspelet kor mange einingar det er ynskje om å fortette med, men det må vere klart mindre enn 12. Det blir oppgitt at det ligg straum til hyttene, men ikkje VA. Det resterande arealet, utanfor utbyggingsområdet er på ca. 60 daa, og er ikkje «klart mindre enn» det eksisterande byggeområde på 40 daa, og følgeleg ikkje i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	x	Ja, store delar av innspelsarealet i sør og opp mot midten av arealet rører ved myr. Her ligg det totalt ca. 16 daa myr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Delar av innspelsarealet er i tråd med fortetting. Resten av innspelsområdet er ikkje i tråd med omgrepet utviding då det er for stort i forhold til eksisterande felt, samt at større delar av utvidingsområdet rører ved myr. Vidare ligg utvidinga ned mot vatnet. Dette gjer utviding her svært uheldig. Rådmannen tilrår å justere arealet vesentleg, men opnar for at området for fortetting av eksisterande hytteområde går vidare til KU.

POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB404		
Innspelsnummer: 42 Forslagsstillar: Vegard Ødegård Gnr/bnr: 48/2 Storleik: Ca. 16,3 daa Dagens føremål: Jordbruk/Skogbruk i reguleringsplanen Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Ynskjer ei stor eller fleire små tomter til oppføring av fritidsrekkehus eller chalet på kollen over parkeringsplassen ved Skrindehaugen. Innspelsområdet ligg innanfor Reguleringsplan for Torkelstjørn, planID 1995007.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde, og det er derfor ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. Vidare grensar arealet til <i>ei</i> hytte i søraust, men store delar av innspelsområdet grensar ikkje til det eksisterande utbyggingsområdet, og innspelet er klart større enn det eksisterande området, det er derfor ikkje i tråd med definisjonen på utviding. Det same gjeld for det mindre byggeområde i nordaust. Det ligg eit eksisterande byggeområde i nord, men administrasjonen tolkar det til at innspelsarealet ikkje ligg i direkte nærleik til dette området.
Nytt område	X	Innspelsarealet er å rekne som eit nytt område, sjølv om arealet ligg langs veg.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er å tolke som eit nytt område, og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB405		
Innspelsnummer: 43 Forslagsstillar: Nils Håkon Sørbøen Gnr/bnr: 47/6 Storleik: Ca. 150 daa Dagens føremål: Jordbruk/skogbruk i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor reguleringsplan Skrindehaugen, planID 2004013 (nordlege del av innspelsområdet) og utviding av reguleringsplan Bakke – Sehl, planID 1986001 (sørlege del).		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Delar av innspelsarealet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan (Skrindehaugen), og er derfor i tråd med definisjonen på fortetting. Det blir ikkje oppgitt kor mange tomter fortettinga er tenkt med, men det må i såfall bli «klart mindre» enn det som alt er etablert (8 stk). Det ligg ei hytte i nordleg del, men å fortette/utvide her er ikkje i tråd med definisjonen. Det resterande arealet som går ut i LNF i reguleringsplan Bakke-Sehl, ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde i nord, men grensar ikkje i store delar av sin omkrins til det etablerte området, og er heller ikkje «klart mindre enn» det eksisterande byggeområdet, som er på ca. 20 daa. Følgeleg er ikkje innspelet i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Delar av innspelet, som går inn i reguleringsplan Bakke-Sehl, er å rekne som nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, store delar av nordlege del rører ved myr og våtmark, ca, 23 daa.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling

Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Rådmannen tilrår å dele innspelet i to, og ta ut arealet som går inn i Bakke-Sehl som blir nytt område, samt det nordlege området innanfor Skrindehaugen som i store delar rører ved myr og våtmark. Forøvrig ligg ein del av innspelsområdet inn i lysløypa. Vidare tilrår Rådmannen å vurdere området for fortetting kring dei eksisterande hyttene innanfor Skrindehaugen nærmare i ein KU.
--	--	--

POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Oversiktskart 2




Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB406		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	44 Ivar Tveito Eidnes 55/11 og 55/18 Ca. 22,5 daa LNF i reguleringsplan og LNF 2B i KPA. Fritidsbustader	Kartbilete: 
Innspel: Ynskje om utviding av reguleringsplan Vest for Kinnhovdun, planID 1991005 med 8 tomter, samt fjerne to frå stølsvollen (sette dei til friområde. Men det er berre dersom dei 8 blir godkjente, viss ikkje vil dei behalde dei to tomtene på stølsvollen.)		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde, (bortsett frå ein mindre del i sør, sjå samla vurdering), og det er i hovudsak derfor ikkje fortetting. Innspelsområdet ligg inntil eit etablert område i vest som er på ca. 33 da. Innspelsarealet er mindre enn, men ikkje «klart mindre enn» det eksisterande området. Det ligg to regulerde, men ubebygde tomter sør for innspelet (dei to initiativtakar vil sette til friområde, om dei får dei åtte nye). Vidare står det i definisjonen på utviding at området i store delar av sin omkrins må grense til det eksisterande utbyggingsområdet, og her grensar det berre i vest. Administrasjonen vurderer det til at innspelet ikkje er i tråd med utviding, sjølv om ein kan nytte same veg inn mot området.
Nytt område		X Innspelet er ikkje i tråd med fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje heilt å tråd med definisjonen på utviding, og Rådmannen tilrår derfor å ta arealet som ligg aust for vegen ut. . Lia oppover har ei helling på om lag 1:4, er forhaldvis bratt og går opp mot 1014 moh. Dei eksisterande hyttene ligg på vestsida av vegen Kinnhovdun, og på andre sida er

		det berre ein stølsvoll. Rådmannen tilrår å vurdere det mindre arealet som ligg sør og vest for vegen Kinnhovdun på ca. 3 daa nærmare i ein KU, som fortetting.
--	--	---


POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB407		
Innspelsnummer: 45 Forslagsstillar: Sigmund Frode Løkensgard Gnr/bnr: 58/4 Storleik: Ca. 65 daa Dagens føremål: LNF 2B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Grunneigar ynskjer utviding og fortetting knytt til ein eldre reguleringsplan; Sør for Løkenstjørn, planID 1991003.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	x	Innspelsområdet ligg over eit etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og det er i tråd med definisjonen på fortetting. Utover det eksisterande feltet, på ca. 15 daa, ligg det eit mindre område med to fritidseiningar heilt i sør på 3 daa. Innspelsområdet er på ca. 50 daa totalt og er derfor ikkje «klart mindre enn» og altså for stort til å vere i tråd med omgrepet utviding. I nord grensar det heller ikkje i store delar av sin omkrins til det etablerte byggeområdet.
Nytt område	X	Store delar av innspelsarealet fell utanfor definisjonen på utviding, og blir å rekne som nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Rådmannen tilrår å ta ut området som ligg nordaust for det eksisterande utbygde området (følgjer linja mot dette), samt å ta ut området på vestsida av Mysetvegen. Vidare tilrår Rådmannen å opne for utviding mellom det utbygde området og det utbygde området H5, og ta det vidare til KU saman med fortetting kring eksisterande bebyggelse.


POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB408		
Innspelsnummer: 46 Forslagsstillar: Toril Løken Sandvik Gnr/bnr: 58/3 og 58/47 Storleik: Ca. 1,7 daa Dagens føremål: Fritidsbustad og LNF 2B Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilete: 	
Innspel: Innspelsområdet ligg sør for Løkenstjørni, og innanfor ein eldre reguleringsplan; Sør for Løkenstjørn, planID 1991003.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsområdet ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og er vesentleg mindre enn det eksisterande feltet, og i så måte i tråd med utvidingsomgrepet. Men store delar av tomte grensar ikkje til det eksisterande feltet i reguleringskartet. I terrenget blir den likevel liggande meir nedanfor/inntil eksisterande hytte, då dei fråvikar noko frå innteikninga på reguleringsplanen, samt at det ligg veg etablert frå aust. Dette kan tale for utviding, sjølv om det går ut frå reguleringsplanen berre på ein kant.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Samla sett vurderer Rådmannen innspelsarealet til å vere i tråd med definisjonen på utviding, og tilrår å vurdere området nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB409		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	47 Toril Løken Sandvik 58/3 og 58/47 Ca. 2,3 daa LNF 2B Fritidsbustader	Kartbilete: 
Innspel: Ynskjer to nye tomter som gjerne kan sjåast i samanheng med innspel 45, FB407. Innspelsområdet ligg sør for Løkenstjørni, og innanfor ein eldre reguleringsplan; Sør for Løkenstjørn, planID 1991003.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Området ligg ikkje i direkte nærleik til eksisterande bebygd område, men her kan ein nytte etablert veg. Innspelet er vesentleg mindre enn eksisterande område, men det grensar ikkje i store delar av sin omkrins til etablert felt. Innspelet er derfor ikkje heilt i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område		X Innspelet må tolkast som eit nytt område, sjølv om det er tilknytt eksisterande bebyggelse.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje heilt i tråd med utviding, er i «grenseland», men administrasjonen vurderer det til eit nytt område. Uavhengig av definisjon, ligg tomta på grensa til myr og oppå ein kolle som vil skape silhuettverknad. Dersom ein tilrår å senke innspelsarealet ned til dei eksisterande hyttene vil eigedomsgrensene og topografien gjere det vanskeleg med ny plassering. Ein kan ikkje sjå dette i samanheng med innspel FB407- då det arealet er tilrådd tatt ut. Etter ei samla vurdering tilrår Rådmannen å ta innspelsområdet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB410		
Innspelsnummer: 48 Forslagsstillar: Toril Løken Sandvik Gnr/bnr: 58/3 Storleik: Ca. 8,5 daa Dagens føremål: LNF 2B, spreidd fritidsbebyggelse Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Ynskjer eit felt med seks nye tomter på vestsida av Fekjastølvegen. Innspelsområdet ligg like utanfor reguleringsplanen; Sør for Løkenstjørn, planID 1991003, og i LNF 2B.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor- og ikkje i direkte nærleik til, etablert byggeområde, og fell følgeleg ikkje inn under definisjonane fortetting eller utviding. Innspelet er å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet blir å rekne som eit nytt område, og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritids- og turistføremål: NÆ411		
Innspelsnummer: 49 Forslagsstillar: Toril Løken Sandvik Gnr/bnr: 58/3 Storleik: Ca. 8,2 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan Ønska føremål: Utleige av fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Ynskjer eit felt med seks nye tomter for mindre hytter til utleige. Arealet ligg på nordaust sida av Fekjastølvegen, like nedanfor Myset. Innspelsområdet ligg innanfor ein eldre reguleringsplan; Sør for Løkenstjørn, planID 1991003.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje fortetting. For å vere utviding må det ligg ei direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og det ligg ei hytte i nord, samt ei/to sør for arealet og Mysetvegen, som administrasjonen vurderer at ikkje ligg i direkte nærleik til innspelsområdet. Innspelsarealet er klart større enn den eksisterande fritidseininga i nord, og arealet grensar ikkje til dette området i store delar av sin omkrins. Innspelet er derfor ikkje i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelet er verken fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med omgrepa utviding eller fortetting, og blir eit nytt område. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB412		
Innspelsnummer: 50 Forslagsstillar: Leif Espegard m fl. Gnr/bnr: 55/1, 57/1-3-4-7 Storleik: Ca. 11,2 daa Dagens føremål: LNF 2 B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Fem grunneigarar ynskjer fortetting/utviding kring spreidde fritidsbustader ved Myset. Området litt utanfor, og sørvest for, reguleringsplan Trintrud planID 1993002.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje fortetting. Innspelsarealet ligg likevel langs veg og inntil tre-fire eksisterande spreidde hytter, men administrasjonen vil ikkje karakterisere dette som «byggeområde» i tråd med utvidingsomgrepet. Innspelet er heller ikkje «klart mindre enn» det totale arealet på dei spreidde hyttene. Samla sett er innspelet ikkje i tråd med definisjonen utviding, og er følgeleg å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med definisjonen på fortetting eller utviding, og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut. Innspelsarealet kan også sjå noko bratt ut, med ei helling på om lag 1:4.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB413		
Innspelsnummer: 50 Forslagsstillar: Leif Espegard m fl. Gnr/bnr: 55/1, 57/1-3-4-7 Storleik: Ca. 15,2 daa Dagens føremål: LNF 2 B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Fem grunneigarar ynskjer fortetting/utviding kring spreidde fritidsbustader ved Myset. Området litt utanfor, og sør for, reguleringsplan Trintrud planID 1993002.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg ikkje fortetting. Innspelsarealet ligg inntil to-tre eksisterande spreidde hytter, men administrasjonen vil ikkje karakterisere dette som «byggeområde» i tråd med utvidingsomgrepet. Innspelet er heller ikkje «klart mindre enn» det totale arealet på dei spreidde hyttene. Samla sett er innspelet ikkje i tråd med definisjonen utviding, og er følgeleg å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Innspelsarealet rører så vidt ved naturtypen boreal hei av stor verdi heilt i sør. Området rører også ved fulldyrka jord.
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet blir å rekne som eit nytt område, og Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB414		
Innspelsnummer: 50 Forslagsstiller: Leif Espegard m fl. Gnr/bnr: 55/1, 57/1-3-4-7 Storleik: Ca. 4,3 daa Dagens føremål: LNF 2B og jordbruk/skogbruk i reguleringsplan. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Fem grunneigarar ynskjer fortetting/utviding innanfor eldre reguleringsplan Torkelstjørn, planID 1995007.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg ikkje fortetting. Innspelsområdet ligg inntil ei eksisterande hytte i søraust, men er ikkje utviding då innspelsarealet er klart større enn det eksisterande feltet og ikkje grensar i store delar av sin omkrins til dette etablerte området. Arealet ligg inntil ei tomt i vest, men den er ikkje bebygd.
Nytt område	X	Innspelet er ikkje i tråd med fortetting/utviding, og må tolkast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Ut frå dei gitte kriteria tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB415		
Innspelsnummer: 50 Forslagsstillar: Leif Espegard m fl. Gnr/bnr: 55/1, 57/1-3-4-7 Storleik: Ca. 3,6 daa Dagens føremål: Jordbruk/skogbruk. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Fem grunneigarar ynskjer fortetting/utviding innanfor eldre reguleringsplan Torkelstjørn, planID 1995007.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg ikkje fortetting. Innspelsområdet ligg i direkte nærleik til område avsett til fritidsbustader i tilgrensande reguleringsplan i vest, og kan i så måte vere i tråd med utviding, men innspelet er om lag like stort som eksisterande «nabo-felt» og er følgeleg ikkje «klart mindre enn» og derfor ikkje i tråd med utvidingsomgrepet. Det grensar heller ikkje til det eksisterande feltet i store delar av sin omkrins.
Nytt område	X	Innspelet er ikkje fortetting eller utviding, og må derfor tolkast som nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Ut frå dei gitte kriteria tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB416		
Innspelsnummer: 50 Forslagsstiller: Leif Espegard m fl. Gnr/bnr: 55/1, 57/1-3-4-7 Storleik: Ca. 5,6 daa Dagens føremål: Jordbruk/skogbruk i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Fem grunneigarar ynskjer fortetting/utviding innanfor eldre reguleringsplan Torkelstjørn, planID 1995007.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor, eller i direkte nærleiken av etablert byggeområde, og er følgeleg ikkje fortetting eller utviding. Innspelsområdet må derfor tolkast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Ut i frå dei gitte kriteria tilrår Rådmanne å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB417		
Innspelsnummer: 51 Forslagsstillar: Harald Grøgard og Annlaug Tveito Gnr/bnr: 44/19 og 55/21 Storleik: Ca. 84 daa Dagens føremål: LNF 2 B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarane ynskjer utviding av eksisterande hytteområdet ved Mosaskardet, med ca. 10 hytter. Arealet ligg innanfor reguleringsplan: Nord for Kinnhovdun, planID 2004002. Innspelet gjeld også området FB433.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg ikkje fortetting. Innspelet grensar til eit eksisterande byggeområde i nord på ca. 64 daa. Innspelsarealet på ca. 84 daa er altså ikkje «klart mindre enn» eksisterande felt, og det grensar ikkje til det eksisterande byggeområde i store delar av sin omkrins. Følgeleg er ikkje arealet i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelet fell utanfor definisjonen på utviding og fortetting, og må forståast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, innanfor arealet ligg det ca. 21 daa myr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet fell utanfor definisjonane på fortetting og utviding, og går ut i eit større, samanhengande grøntområde. Innspelet er ikkje i tråd med grovsilingskriteria og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.



POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB418		
Innspelsnummer: 52 Forslagsstillar: Torleif Gullhagen Gnr/bnr: 57/1 Storleik: Ca. 232 daa Dagens føremål: LNF 2B, og landbruk og vassforsyning i reguleringsplan. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynsker fritidsbustader i eit område mellom Kinnhovdun og Løkenstjørn. Innspelsarealet ligg innanfor eldre reguleringsplan; Nilsehovda, planID 1995002.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg ikkje fortetting. Innspelet grensar til eit eksisterande byggeområde i sør på ca. 14 daa. Innspelsarealet er på ca. 232 daa og er altså klart større enn det eksisterande feltet, og det grensar ikkje til det eksisterande byggeområde i store delar av sin omkrins. Følgeleg er ikkje arealet i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelet er ikkje i tråd med definisjonane på utviding eller fortetting, og blir å forstå som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/ naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Om lag halve arealet er myr/våtmark og to mindre områder med fastmark ligg som «øyer» i myra (som gjer det vanskeleg med eventuell vegtilkomst).
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Rører ved aktsemdområde for flaum i vest og nordvest.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet fell utanfor definisjonane på fortetting og utviding, og blir som eit nytt område. Store delar av arealet ligg i myr, og hovudkryss for skiløypene ligg innanfor området. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB419		
Innspelsnummer: 54 Forslagsstillar: Odd Kåre Skjervheim Gnr/bnr: 35/3 (35/35 (6)) Storleik: 0,750 daa Dagens føremål: LNF 2B Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer å flytte ei eksisterande tomt som er frådelt i 1970, som ligg like nord for tomt 35/35. Skylddeling viser at 35/35 er to eigedomar, men akkurat denne tomte har ikkje fått eige gards- og bruksnummer. Eigedomane ligg i stølsområdet på Tormodset.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelsområdet ligg ikkje innanfor eller i direkte nærleik til eksisterande utbyggingsområde, og fell følgeleg utanfor definisjonane på fortetting og utviding, og er å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		Ligg i eit opent, tidvis myrlendt stølslandskap på ca. 935 moh, men skoggrensa går på rundt 1100 moh i dette området.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsområdet er å forstå som eit nytt område, og er ikkje i tråd med grovsilingskriteria. I tråd med KPA føresegn 3.1.2 er det byggeforbod på tomter i LNF 2B frådelt før 1.1.1980, og denne tomte er frådelt i 1970 og følgeleg kan den ikkje byggast på. Rådmannen tilrår å ta innspelsområdet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB420		
Innspelsnummer: 55 Forslagsstillar: Øystein Flaget Gnr/bnr: 56/5 Storleik: Ca. 24 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting med 5-10 tomter innanfor eldre reguleringsplan; Nilsehovda, planID 1995002, samt veg til eldre hytter, ved Løkentjønn (innspel V4.2).		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Ein mindre del heilt i vest av innspelet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er i tråd med omgrepet fortetting. Men her kan ein berre fortette med ei tomt inntil dei eksisterande tomtene (seks stykk). Innspelet går i sør ut til ei hytte, men her kan ein ikkje fortette, då tiltaket vil ha klart fleire einingar enn det som allereie er etablert der (ein). Innspelet grensar til etablert byggeområde på ca. 17 daa i vest, og då er innspelsarealet med 24 daa klart større enn det etablerte feltet. Innspelet grensar heller ikkje i store delar av sin omkrins til dette området, så innspelet er derfor ikkje i tråd med definisjonen utviding. Dei to tomtene mot nord er ikkje utbygd.
Nytt område	X	Hovuddelen av innspelet fell ikkje innanfor utviding, men blir eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Om lag heile innspelsområdet grensar til myr, men har ikkje myr innanfor arealet.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Rådmannen tilrår å dele innspelet i to: Arealet sør for g/b nr 56/57 blir tilrådd vurdert nærmare i KU. Hovuddelen av innspelet blir definert som nytt område og Rådmannen tilrår å ta dette ut.

POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB421		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	56 Torstein Haug Hagen og Erling Vigdal 62/1 og 62/3 Ca. 93 daa LNF 2B, LNF, LNF i reguleringsplan og fritidsbustad Fritidsbustader	Kartbilette: 
Innspel: Initiativtakarane ynskjer fortetting/utviding i eit område sør for Svarthamar. Omlag halve innspelsarealet ligg innanfor eldre reguleringsplan; Nilsehovda, planID 1995002, og den andre delen ligg vest for Fekjastølvegen i LNF 2B/LNF.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Ein del av innspelsarealet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg i tråd med definisjonen fortetting. For å vere i tråd med definisjonen på utviding må innspelsarealet ligge i direkte nærleik til eksisterande bebyggelse, og det gjer ikkje delen mot vest, på andre sidan av Fekjastølvegen. Delen mot aust grensar til ei enkelthytte mot aust og etablert byggeområde mot vest. Innspelet grensar likevel ikkje i store delar av sin omkrins til dette byggeområdet, og det er heller ikkje «klart mindre enn» det eksisterande utbyggingsområdet som er på ca. 31 daa, medan det nye er på om lag 46 daa.
Nytt område	X	Store delar av innspelt er ikkje i tråd med utviding, og følgeleg blir det å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		Delar av innspelet ligg i skogkledd område, men heile arealet ligg på grensa til snaufjell på ca. 980 - 1025 moh.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		Nei, men om lag heile innspelet grensar til boreal hei mot nord.
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		

Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Hovuddelen av innspelet er ikkje i tråd med utviding, og blir å rekne som nytt område. Ein mindre del ligg over etablert byggeområde som fortetting, og Rådmannen tilrår at ein kan opne for ei tomt sør(vest) for 62/23. Rådmannen tilrår altså å ta ut om lag heile arealet, men vurdere eit mindre området sør for 62/23 nærmare i ein KU.

POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB422		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	59 Anders Gjermo m. fl. 45/21 Ca. 5,3 daa LNF Fritidsbustad	Kartbilette: 
Innspel: Initiativtakar ynskjer å få sett av frådelt tomt (1977) frå LNF til fritidsføremål, nordaust for Selstølåne.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, og heller ikkje i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og fell derfor ikkje innunder definisjonane på fortetting eller utviding. Innspelet blir å tolke som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet ligg for seg sjølv i reint LNF-område, og vil krevje etablering av infrastruktur. Ein eventuell veg inn til tomte må truleg gå frå sør, og krysse dyrkamark. Frå sør ligg også tomte bratt til, og i luftlinje blir det over 80 m. Innspelet fell innunder definisjonen nytt område, og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB423		
Innspelsnummer: 102 Forslagsstillar: Nils Arnegard Gnr/bnr: 46/2 Storleik: Ca. 20 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer hyttetomter innanfor reguleringsplan; «Del av Åsetno på Votndalsåsen, Bøygard nordre, planID 1996001».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelet ligg ikkje innanfor, eller i direkte nærleiken av etablert byggeområde, og er følgeleg ikkje fortetting eller utviding. Innspelsområdet må derfor tolkast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, ca. 0,8 daa i nordvest.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet blir vurdert til eit nytt område, og rører ved myr. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB424		
Innspelsnummer: 105 Forslagsstillar: Leif Espegard Gnr/bnr: 57/3 Storleik: Ca. 2,7 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilet: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting med to hyttetomter innanfor reguleringsplan; «Sør for Løkentjørn, planID 1991003».		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelet ligg ikkje innanfor regulert byggeområde, og er derfor ikkje fortetting. Innspelsarealet grensar til eksisterande byggeområde i vest, det ligg ikkje dratt heilt opp til det eksisterande feltet mot nord, men området er «klart mindre enn» det eksisterande feltet, som har 5 einingar og 2 ubebygde tomter. Innspelsarealet ligg langsetter Mysetvegen, og grensar anten til bebygd område eller veg. Rådmannen vurderer innspelet til å falle inn under definisjonen utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Ja, innspelet er i tråd med definisjonen på utviding, og Rådmannen tilrår å vurdere innspelet nærmare i KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB425		
Innspelsnummer: 106 Forslagsstillar: Magnus Rusås Helling Gnr/bnr: 39/17 (51/2) Storleik: Ca. 20 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer utviding med ca. 10-12 tomter i eldre reguleringsplan; «Nilsehovda, planID 1995002. Innspelet heng saman med ynskje om fortetting med tre tomter (FB429-431), samt veg V4.3.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg ikkje fortetting. Innspelet ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde i nordleg del, men ein kan ikkje seie at innspelsarealet i store delar av sin omkrins grenser til det eksisterande utbyggingsområdet, og følgeleg er det ikkje i tråd med definisjonen på utviding. Det eksisterande området er på ca. 23 daa (opp mot vegen Nilsehovda), mens innspelsarealet er på 20 daa, og følgeleg ikkje «klart mindre enn» det eksisterande utbyggingsområdet. Det går etablert veg ca. 40 m inn frå vest, resten traktorveg, så tiltaket vil krevje opparbeiding av veg. Samla sett er ikkje innspelet i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelet er ikkje i tråd med definisjonane på fortetting og utviding, og må reknast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		Innspelsarealet rører ved myr heilt mot vest (ca. 1,2 daa) Området rører òg ved innmarksbeite på 2,5 daa.
Rører ved myr og våtmark		Nei, men innspelsarealet går heilt ned mot myra.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med fortetting/utviding, og Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB426		
Innspelsnummer: 50 Forslagsstillar: Leif Espegard m fl. Gnr/bnr: 55/1, 57/1-3-4-7 Storleik: Ca. 6,6 daa. Dagens føremål: Jordbruk og skogbruk i reguleringsplan. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Fem grunneigarar ynskjer fortetting/utviding. Innspel FB426-28 heng saman med FB412-16. FB426 ligg innanfor eldre reguleringsplan Trintrud, planID 1993002.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	x	Innspelsområdet ligg ikkje innanfor etablert byggeområdet, og er derfor ikkje fortetting. Det ligg heller ikkje i direkte nærleik til bebygd området og er derfor heller ikkje i tråd med definisjonen utviding. Innspelet er derfor å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Nei, men grensar til myr i store delar av sin omkrins.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet fell ikkje innanfor definisjonane av fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB427		
Innspelsnummer: 50 Forslagsstillar: Leif Espegard m fl. Gnr/bnr: 55/1, 57/1-3-4-7 Storleik: Ca. 16 daa. Dagens føremål: Jordbruk og skogbruk i reguleringsplan. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Fem grunneigarar ynskjer fortetting/utviding. Innspel FB426-28 heng saman med FB412-16. Innspel FB427 ligg innanfor eldre reguleringsplan Trinrud, planID 1993002, Vest for Kinnhovdun, planID 1991005 og Sør for Løkentjørn, planID 1991003.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsområdet ligg ikkje innanfor etablert byggeområdet, og er derfor ikkje fortetting. Innspelet ligg i nærleik til eksisterande bebyggd område i tilgrensande reguleringsplan; Vest for Kinnhovdun, planID 1991005, og dette feltet er på ca. 11 daa. Innspelsarealet er derfor ikkje «klart mindre enn». I definisjonen på utviding står det at ein langt på veg skal nytte same infrastruktur. Her ligg det ikkje veg, og den må evt etablerast gjennom det eksisterande feltet i reguleringsplan Kinnhovdun. Samla sett går utvidinga av området vekk frå etablert bebyggelse og infrastruktur, og ut i/mot myra.
Nytt område	X	Innspelet kan ikkje klart definerast som utviding, og må derfor kunne kallast eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Nei, men arealet grensar til myr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Samla sett vurderer Rådmannen det til at innspelet ikkje klart kan definerast som utviding, men blir å rekne som eit nytt område. Utvidinga går for langt ut frå eksisterande byggeområde og infrastruktur, og har ikkje veg inn i arealet. Vidare vil det òg vere uheldig å opne for hytter så langt inn i/mot myra, og det som utgjer ein større samanhengande

		grønstruktur. Skiløypa vil også krysse om lag midt på det nordlegaste arealet, og ein evt veg heilt mot vest, vil i såfall måtte krysse denne.
--	--	--


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB428		
Innspelsnummer: 50 Forslagsstillar: Leif Espegard m fl. Gnr/bnr: 55/1, 57/1-3-4-7 Storleik: Ca. 9,4 daa. Dagens føremål: Jordbruk og skogbruk i reguleringsplanane. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Fem grunneigarar ynskjer fortetting/utviding. Innspel FB426-28 heng saman med FB412-16. Innspel FB428 ligg innanfor eldre reguleringsplan Sør for Løkentjørn, planID 1991003 og Vest for Kinnhovdun, planID 1991005.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelsområdet ligg ikkje innanfor etablert byggeområdet, og er derfor ikkje fortetting. Det ligg heller ikkje i direkte nærleik til bebygd området og er derfor heller ikkje i tråd med definisjonen utviding. Innspelet er derfor å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	x	Ytst mot nord rører innspelsområdet ved boreal hei av stor verdi. Det er ikkje mykje, men dersom ein skal ha vegtilkomst til arealet- må vegen anten krysse denne truga naturtypen, eller myr.
Rører ved myr og våtmark		Nei, ikkje direkte, men innspelet grensar til myr i store delar av sin omkrins.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er å rekne som eit nytt område, og myr og boreal hei gjer vegtilkomst vanskeleg. Vidare kryssar skiløypa om lag midt i området, og vegen må i såfall krysse denne. Innspelet er ikkje i tråd med grovsilingskriteria, og Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB429		
Innspelsnummer: 106 Forslagsstiller: Magnus Rusås Helling Gnr/bnr: 39/17 (51/2) Storleik: Ca. 1,4 daa Dagens føremål: Eksisterande fritidsbebyggelse Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspele: Initiativtakar ynskjer fortetting med tre tomter innanfor eldre reguleringsplan; «Nilsehovda, planID 1995002. Innspelet heng saman med FB425, 29-31, samt V4.3.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor i tråd med definisjonen på fortetting. Tal nye einingar, ein, er klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet (seks eksisterande hytter i nærleik til dette innspelet). Veg ligg etablert. To tomter som ligg vest for innspelet er ikkje utbygd.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsområdet er i tråd med definisjonen på fortetting, og Rådmannen tilrår å vurdere arealet nærmare i KU.

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB430		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	106 Magnus Rusås Helling 39/17 (51/2) Ca. 1,3 daa Eksisterande fritidsbebyggelse Fritidsbustader	Kartbilete: 
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting med tre tomter innanfor eldre reguleringsplan; «Nilsehovda, planID 1995002. Innspelet heng saman med FB425, 29-31, samt V4.3.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor i tråd med definisjonen på fortetting. Tal nye einingar, ein, er klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet. Innspelet kunne vore nærmare vegen i nord, og innspelet bør derfor justerast.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsområdet er i tråd med definisjonen på fortetting, og Rådmannen tilrår å justere plassering og vurdere arealet nærmare i KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB431		
Innspelsnummer: 106 Forslagsstillar: Magnus Rusås Helling Gnr/bnr: 39/17 (51/2) Storleik: Ca. 1,5 daa Dagens føremål: Eksisterande fritidsbebyggelse Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting med tre tomter innanfor eldre reguleringsplan; «Nilsehovda, planID 1995002. Innspelet heng saman med FB429-31, samt FB425 og V4.3.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og å fortette med ei tomt blant tre andre hytter er slik sett i tråd med definisjonen på fortetting. Men framtidig hytte kan ikkje nytte etablert infrastruktur i form av veg, og Rådmannen har negativ innstilling til innspelet om å etablere veg her, sjå V4.3. Vidare er tomte plassert over regulert gangveg i reguleringsplanen.
Nytt område	X	Samla sett blir dette å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Innspelsarealet rører ikkje ved, men grensar til myr, og ein eventuell vegtilkomst hit vil krysse myr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Samla sett er innspelsarealet å rekne som eit nytt område. Fritidsbustadene i området rundt Nilsehovda ligg i hovudsak nord for Nilsestølvegen. Å opne for fortetting sør for vegen, mot myra, i eit område utan veg vil Rådmannen rå i frå. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 34/2024 i møte den 18.11.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB432		
Innspelsnummer: 118 Forslagsstillar: Harald Medgard Gnr/bnr: 24/1 Storleik: Ca. 9,3 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting med totalt seks nye tomter (tomt nr. 5 i eksisterande plan skal då flyttast på for å få inn totalt seks) innanfor reguleringsplan: Medgard – søndre, planID 1991001.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg delvis innanfor eller mellom etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og kjem under definisjonen på fortetting (mot søraust) og utviding (mot nord). Det ligg tre hytter lengst sør, men utvidinga ligg mellom dei etablerte hyttene mot nord. Her ligg det fire eksisterande hytter, og ei hytte til innanfor tilgrensande reguleringsplan. Det blir totalt fem hytter i området, og i følge definisjonen på fortetting må tal hytter vere klart mindre i forhold til dei eksisterande hyttene. I tråd med utviding må innspelsarealet vere klart mindre enn det eksisterande utbyggingsområdet. Administrasjonen vurderer det derfor til at innspelet må nedjusterast, og opne for to-tre tomter i området.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsareala er i tråd med definisjonen på fortetting/utviding dersom dei nedjusterast. Området er stadvis bratt, og Rådmannen tilrår å vurdere området nærmare i ein KU, og opne for mellom to-tre hytter fortrinnsvis nord i området og langs etablert veg.

POLITISK HANDSAMING:

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB433		
Innspelsnummer: 51 Forslagsstiller: Annlaug Tveito Gnr/bnr: 55/21 Storleik: Ca. 6,5 daa Dagens føremål: Fritidsføremål Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting av eksisterande hytteområdet ved Mosaskardet. Arealet ligg innanfor reguleringsplan: Nord for Kinnhovdun, planID 2004002.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet er på tilsaman ca. 6,5 daa fordelt på fire mindre område. Areala ligg delvis innanfor eller mellom etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og kjem under definisjonen på fortetting. Det ligg omlag seks einingar kring dei tre tomtene mot vest, men den eine tomta lengst mot vest vil krevje opparbeiding av veg. Tomta lengst mot aust ligg kring fire-fem hytter og har etablert veg. Tal nye einingar er klart mindre enn det eksisterande talet i utbyggingsområdet. Tomta lengts mot vest vil krevje ny veg på minst 60 meter, noko administrasjonen meiner er mykje for ei eining. Tomtestorleik og vegtilkomst må vurderast nærmare i ein KU.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er i tråd med definisjonen på fortetting, og Rådmannen tilrår å vurdere innspelt nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB434		
Innspelsnummer: 58 Forslagsstillar: Toril Skovli og Olav Pettersen Gnr/bnr: 24/21 Storleik: Ca. 1,2 daa Dagens føremål: LNF Ønska føremål: Fritidsbustad	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarane ynskjer å få heile tomta avsett til fritidsbustad. Dei opplyser om at det er ikkje samsvar mellom regulert areal og oppmålt tomt, og at delar av tomta derfor har fått LNF føremål sjølv om den opphavleg hadde arealføremål fritidsbustad. Byggeområdet er då redusert i og med at byggegrensa ikkje er endra.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet passar ikkje inn i vurderingskriteria. Innspelsarealet ligg i eit inneklemmt areal, mellom fritidsbustad og veg. Endring av arealføremål her vil ikkje føre til fleire einingar. Rådmannen tilrår å vurdere innspelsarealet nærmare i ein KU.

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Leveldåsen

Oversiktskart



Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB301		
Innspelsnummer: 64 Forslagsstillar: Nils Medgard Gnr/bnr: 71/3 Storleik: Ca. 40 daa Dagens føremål: LNF 2B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer å utvikle eit felt for mindre fritidsbustader ved Hengsgrove. Området ligg sør for eit hyttefelt med 6 hytter; Knutstølskovda vest, planID 2006010. Ein rem på ca. 10 daa til framtidig hytter i gjeldande KPA ligg i mellom eksisterande hyttefelt i nord og innspelsområdet.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. I definisjonen på utviding skal området ligge i direkte nærleik til eksisterande byggeområde. Her ligg det ein rem på ca. 10 daa til framtidig fritidsbebyggelse i gjeldande KPA mellom eksisterande felt og nytt innspelsområdet, men den er ikkje brei, men på om lag 30 meter. Vidare skal innspelsområdet i store delar av sin omkrins grense til det eksisterande feltet, og her grensar den berre i nord. Vidare skal Innspelsarealet (40 daa) vere «klart mindre enn» det eksisterande byggeområdet som er på ca. 21, 5 daa. Samla sett er derfor ikkje innspelsarealet i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelsarealet blir å forstå som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ja, ca. 8 daa slåttemyr av svært stor verdi (Skomakargjerda nord) ligg innanfor arealet.
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, ca. 13,3 daa myr ligg innanfor arealet. Av desse er 8 daa slåttemyr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet fell ikkje innunder definisjonane på fortetting eller utviding, og blir derfor å forstå som eit nytt område. Innspelet er også i strid med grovsilingskriteria då det rører ved slåttemyr og myr. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB302		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	65 Nils Medgard og Yngve Gudbrandsgard 69/1 og 54/7 98,3 daa LNF 2B/ LNF i reguleringsplan Fritidsbustader	Kartbilete: 
Innspel: Initiativtakarar ynskjer å utvikle eit område søraust for Områderegulering Nysetlie/Venehovd Leveldåsen, planID 2022005, til fritidsbustader. Dei opplyser om at infrastruktur ligg i umiddelbar nærleik. Om lag halve arealet ligg innanfor eldre reguleringsplan; Del av Leveldåsen, planID 1982001, resten i LNF i KPA.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og det er derfor ikkje fortetting. Innspelet ligg i direkte nærleik til bebygd område i nord med seks einingar. Vidare ligg det etablert byggeområde lenger mot nord(vest), men her ligg det ei omsynssone med kulturmiljø mellom innspelsområdet og eksisterande bebyggelse. og administrasjonen tolkar det derfor til at området ikkje ligg i direkte nærleik til dette utbyggingsområdet. Innspelet grensar altså til eit mindre bebygd areal i nord, men ein kan ikkje seie at innspelsarealet i store delar av sin omkrins grensar til det dette området. Vidare er ikkje innspelsarealet «klart mindre enn» det eksisterande utbyggingsområdet det grensar til, og samla er derfor ikkje innspelet i tråd med omgrepet utviding.
Nytt område	X	Innspelsområdet fell utanfor definisjonane på fortetting/utviding, og må tolkast som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ja, ein mindre del (ca. 1, 5 daa) rører ved naturbeitemark av middels verdi (Tegistølen, 150 m VNV) i aust.
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, ca. 11 daa myr ligg innanfor arealet.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		


Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Ut i frå utvalskriteria er innspelet ikkje i tråd med fortetting eller utviding, og må tolkast som eit nytt område. Innspelet rører også ved myr og truga naturtype. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB304		
Innspelsnummer: 67 Forslagsstillar: Yngve Gudbrandsgard Gnr/bnr: 54/7 Storleik: Ca. 36,7 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan og skiløypetrasé Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer å fortette innanfor Områderegulering Nysetlie/Venehovd Leveldåsen, planID 2022005. Ein mindre del av det nordlegaste arealet ligg utanom planen, i LNF i KPA.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelet ligg innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, kan nytte etablert infrastruktur, og er derfor i tråd med definisjonen fortetting. Tal nye einingar må likevel vere klar mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområde. Om lag midt i arealet kryssar skiløypa vegen, og det vil i så måte vere uheldig å leggje til rette for fleire hytter nord for skiløypa, som igjen vil føre til auka trafikk og kryssingar av skiløypa. Administrasjonen tek derfor som utgangspunkt tal einingar som ligg sør for skiløypa, og det er kring sju-åtte. Fortetting som er klart mindre enn det vil vere i tråd med definisjonen.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		Nei, innspelsarealet ligg i opent fjellandskap, mellom 1025 – 1050 moh, på grensa til høgfjell.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ja, innspelet rører ved boreal hei av stor verdi heilt i nord, i den delen som går utover plangrensa og inn i LNF.
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, innspelet rører ved ca. 4,5 daa myr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Rådmannen tilrår å ta ut delen lengst nord, som ligg utanfor eksisterande reguleringsplan, då den rører ved naturtypen boreal hei av stor verdi. Fortrinnsvis tilrår Rådmannen fortetting sør for skiløypa for å unngå ytterlegare kryssingar, og unngå konflikt med myr. Rådmannen tilrår å vurdere det resterande arealet nærmare i ein KU.

POLITISK HANDSAMING: Delt, som Rådmannens innstilling, i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB305		
Innspelsnummer: 68 Forslagsstillar: Egil Håheim Gnr/bnr: 72/1 Storleik: Ca. 86,3 daa Dagens føremål: LNF 2B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Ynskjer eit nytt område for hytter vest for Flævassvegen og eksisterande regulert område på Leveldåsen (Områderegulering Nysetlie/Venehovd Leveldåsen F3-1 og F3-2), for å styrke driftsgrunnlaget på garden.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Det ligg ein stølseigedom innanfor arealet, men innspelsområdet ligg ikkje innanfor eit etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje i tråd med definisjonen fortetting. Innspelsarealet ligg tilknytt Områderegulering Nysetlie/venehovd i sør, men ligg ikkje i direkte nærleik til eksisterande byggeområde. Innspelet grensar heller ikkje i store delar av sin omkrins til eit etablert byggeområde, og innspelet er derfor ikkje i tråd med definisjonen utviding. Innspelsarealet ligg langs veg, Flævassvegen, og det går ein traktorveg inn til Torleivstølen, elles må ein opparbeide ny infrastruktur.
Nytt område	X	Samla sett er ikkje innspelsarealet i tråd med definisjonane fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		Nei, men ligg i heilt ope fjellandskap med vier og noko bjørkeskog på 970-990 moh.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Heile arealet rører ved boreal hei av stor verdi (Tolleivstølen nord 1) og ein mindre del rører ved naturtypen naturbeitemark av stor verdi (Steinarstølen).
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling


Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er å rekne som eit nytt område, og heile arealet rører ved truga naturtypar. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.
--	--	---

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB306		
Innspelsnummer: 70 Forslagsstillar: Tone Haga Bühler Gnr/bnr: 73/2 Storleik: Ca. 5 daa Dagens føremål: LNF Ønska føremål: Fritidsbustader/evt også utleige	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fem tomter til små, moderne, miljøvenlege hytter med låg standard. Området var i tidlegare kommuneplan avsett til sju hytter, kor to er utbygd og blir leigd ut. Dei andre fem vart tatt ut i førre kommuneplan, og no er det ynskje om å få dei inn att, og setje dei av til fritidsbustader.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. I heile området ligg det totalt tre spreidde hytter/stølar, og samla sett fell ikkje innspelsareala under definisjonen utviding. Tre spreidde hytter kan ikkje karakteriserast som eksisterande byggeområde i denne samanhengen. Her grensar ikkje dei nye tomtene i store delar av sin omkrins til de andre etablerte bygga, og innspelsområdet må vere klart mindre enn det eksisterande utbyggingsområdet. Her ligg det tre tomter knytt til ei hytte, og to tomter i nærleik til ei hytte, og er følgeleg ikkje i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelsarealet er ikkje i tråd med omgrepa utviding eller fortetting, og må derfor bli forstått som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Tomtene ligg ikkje på, men inntil og mellom naturtypane «slåttemark», «naturbeitemark» og «kalkbjørkeskog» av stor verdi.
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling


Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er å rekne som eit nytt område. Men det står i Dei overordna arealføringane for kommunen, i punkt 6 c): «Det vert opna opp for eit mindre antal hyttefelt med særskilt miljøprofil med t.d. enklare infrastruktur, biologisk/elektrisk do og solcellestraum.» Dette innspelet kan vurderast som eit slikt område, og sånn sett både vere i strid- og i tråd med kommunens arealbruk. Likevel ligg desse tomtene i eit relativt urørt terreng, då Øyliåsen er eit stølsområde med berre nokre spreidde stølsbuer/fritidseiningar. Naturtypene som ligg kring tomtene er avhengig av beiting for å oppretthaldast, og føresetnaden for det vil minskast ved etablering av hytter her. Samla sett tilrår derfor Rådmannen å ta innspelet ut.
---	--	--

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB307		
Innspelsnummer: 71 Forslagsstillar: Leif Egil Langedard m fl. Gnr/bnr: 78/26 Storleik: Ca. 429 daa (inkl. eksisterande område på ca. 342 daa). Dagens føremål: Eksisterande fritidsbustader/LNF Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer fortetting i Grønli hyttefelt, som er ein gamal disposisjonsplan frå ca. 1970. Administrasjonen er kjent med at det er ein tvist mellom partane om avtaleforhald i området. I innspelet blir det av initiativtakar opplyst om at det er ein klausul i festeavtala om at feltet ikkje skal fortettast, men at denne kan stå for fall dersom nokre av festarane fortsett får rettsleg medhald for bygging av heilårsveg fram til hyttene. Om så skjer kan fleirtalet blant bortfestarane endre seg, og ynskje fortetting av feltet.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Ut i frå definisjonen på fortetting skal det vere «fortetting innanfor etablerte byggeområde i ein reguleringsplan». Grønli hyttefelt er ein gamal disposisjonsplan med totalt 48 hytter, og er derfor per definisjon ikkje ein reguleringsplan, men må likevel bli forstått som etablert byggeområde som er i tråd med fortetting i denne samanhengen. Det blir ikkje oppgitt tal tomter ein ynskjer å fortette med. Vidare gjeld innspelet areal som går utanfor bebygd område, og her er det totale arealet på ca. 87 daa, og er følgeleg «klart mindre enn» det eksisterande feltet på 342 daa, og derfor i tråd med definisjonen på utviding. Innspelsområdet grensar også i store delar av sin omkrins til det eksisterande utbyggingsområdet. Men det er avgrensa med etablert infrastruktur i området, men straum samt noko veg. Her må ein kanskje derfor etablerte noko ny infrastruktur, og derfor ikkje heilt i tråd med definisjonen på fortetting og utviding.
Nytt område		


Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	X	Heilt mot nord, og i nordaust rører innspelet ved aktsemdsområde for flaum.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innsjelsareala er langt på veg i tråd med både fortetting og utviding, men det må truleg etablerast noko ny infrastruktur. For å kommentere tvisten her om avtaleforhald, så gjeldt denne tvisten eit privatrettsleg spørsmål. Det er ikkje opp til kommunen å vurdere det rettslege innhaldet i festeavtala. Kommunen skal fokusere på arealbruken i kommunen og den ynskja samfunnsutviklinga, uavhengig av privatrettslege tvistar. Likevel kan dette leggje beslag på større areal ein ikkje veit vil bli realisert. Sidan det er moment som talar for og mot kriteria, set Rådmannen innsjelsarealet til gult.

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB308		
Innspelsnummer: 108 Forslagsstiller: Kari Randen Gnr/bnr: 78/2 Storleik: Ca. 89 daa Dagens føremål: LNF Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer ei utviding sørvest for Grønlifelet i Vats med ca. 35 tomter til fritidsbustader.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. Innspelsarealet ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og er i så måte i tråd med utviding, men det tilgrensa området (Grønli) har avgrensa med veg, og tiltaket vil derfor krevje opparbeiding av minst 200-300 m veg. Vidare i definisjonen på utviding skal innspelsområdet i store delar av sin omkrins grensa til utbyggingsområdet, og her grensar det langs 1/3 av arealet, så det taler også for at det ikkje er i tråd med utviding, sjølv om innspelet er klart mindre enn det eksisterande utbyggingsområdet. Samla sett vurderer administrasjonen innspelet til å ikkje vere i tråd med utviding.
Nytt område	X	Innspelsområdet vil i stor grad krevje at det blir laga ny infrastruktur, og fell under definisjonen «nytt område».
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Ja, innspelet rører ved ca. 15 daa myr
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet har aspekt ved seg som taler for at det er utviding, men området må i stor grad lage ny infrastruktur, og fell derfor innunder definisjonen


		«nytt område». Innspelet rører også ved myr. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.
--	--	---

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB309		
Innspelsnummer: 116 Forslagsstillar: Villmark AS v/ Jon Ola Bergaplass etter avtale med grunneigar Gnr/bnr: 75/2 Storleik: Ca. 111 daa Dagens føremål: LNF/LNF spreidd fritidsbebyggelse. Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer området avsett til fritidsbustader. Om lag halve arealet ligg innanfor bebyggelsesplan i hht reguleringsplan: Hausestølen gnr 75 bnr. 2, planID 2001001, det resterande arealet ligg i LNF og LNF spreidd fritidsbebyggelse. Initiativtakar har spelt inn fleire område (FB309-FB313) som han ynskjer skal bli sett i samanheng.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. Vidare ligg ikkje innspelsarealet i direkte nærleik til eksisterande byggeområde. Halve arealet ligg innanfor ein reguleringsplan, men i planen ligg det bebygde området med ca. sju hytter heilt mot vest, og dette innspelsarealet ligg ca 150 m i luftlinje frå det eksisterande feltet, heilt mot aust. Innspelet grensar følgeleg ikkje i store delar av sin omkrins til det eksisterande utbyggingsområdet, og innspelet er derfor ikkje i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Ja, innspelet er ikkje i tråd med fortetting eller utviding, og kjem under definisjon «nytt område», kor det i stor grad må bli laga ny infrastruktur.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ja, innspelet rører ved ca. 27 daa med naturtypen boreal hei av stor verdi (Fekjastølmyre 2), og innanfor her ligg det ca. 9 daa med naturbeitemark av stor verdi (Fekjastølmyre 3).
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling

Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet blir å rekne som eit nytt område, og rører ved truga naturtypar. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.
--	--	---


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB310		
Innspelsnummer: 116 Forslagsstillar: Villmark AS v/ Jon Ola Bergaplass etter intensjonsavtale med heimelshavar Gnr/bnr: 71/5 Storleik: Ca. 49,5 daa Dagens føremål: LNF Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer arealet avsett til fritidsbustader. Innspelet ligg like aust for Hausehovda og sør for Heståne. Initiativtakar har spelt inn fleire område (FB309-FB313) som han ynskjer skal bli sett i samanheng.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor, eller i direkte nærleik, til etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje i tråd med definisjonane på fortetting eller utviding.
Nytt område	X	Innspelsarealet må bli forstått som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ja, i sør rører ein mindre del av arealet ved naturtypen lågurtfuruskog av stor verdi (Hausehovda øst 2).
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet fell under definisjonen nytt område, og rører ved truga naturtype. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB311		
Innspelsnummer: 116 Forslagsstillar: Villmark AS v/ Jon Ola Bergaplass etter intensjonsavtale med heimelshavar Gnr/bnr: 71/10 Storleik: Ca. 11,5 daa Dagens føremål: LNF 2B spreidd fritidsbebyggelse Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer arealet avsett til fritidsbustader. Området ligg ved Hengsgrove, like vest for Knutstølvovda og Vatslivegen. Initiativtakar har spelt inn fleire område (FB309-FB313) som han ynskjer skal bli sett i samanheng.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. Innspelsarealet grensar i aust til eit anna innspelsareal, men ikkje til eksisterande byggeområde. Innspelet er derfor ikkje i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelsarealet er ikkje i tråd med definisjonane på fortetting eller utviding, og blir å forstå som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ja, om lag heile arealet rører ved naturtypen boreal hei av middels verdi (Fjellstølmyran sør 6).
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet blir å rekne som eit nytt område, og heile arealet ligg innanfor naturtypen boreal hei. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB312		
Innspelsnummer: 116 Forslagsstillar: Villmark AS v/ Jon Ola Bergaplass etter avtale med grunneigar(ar) Gnr/bnr: 78/4, 78/18, 78/9, 78/19 Storleik: Ca. 157 daa Dagens føremål: Randsone villrein/LNF 2B Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilette: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer området avsett fritidsbustader. Området ligg nord for Sirestølen. Ein mindre del av innspelsarealet heilt i sør ligg innanfor bebyggelsesplan ihht reguleringsplan Sirestølen, planID 1998001, og innspelet er så vidt innanfor detaljreguleringsplan Sirestølen, planID 2006003 i aust. Initiativtakar har spelt inn fleire område (FB309-FB313) som han ynskjer skal bli sett i samanheng.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg over eit mindre etablert byggeområde innanfor reguleringsplan heilt i sør, med to eksisterande hytter, i så måte ligg denne delen innanfor definisjonen på fortetting, dersom tal nye einingar er klart mindre enn dei eksisterande, som er to. Det resterande arealet fell utanfor definisjonen på utviding. Innspelsområdet grensar som nemnt til eit mindre etablert felt med to einingar i sør, men innspelsområdet grensar ikkje til dette i store delar av sin omkrins, og er heller ikkje klart mindre enn det eksisterande arealet. Vidare ligg innspelet inntil reguleringsplan Sirestølen i aust, men ikkje i direkte nærleik til eksisterande byggeområdet, og det grensar ikkje til dette i store delar av sin omkrins, og det er heller ikkje klart mindre enn det eksisterande arealet. Innspelet er derfor ikkje i tråd med definisjonen utviding.
Nytt område	X	Ein liten del i sør fell innunder definisjonen på fortetting. Det resterande arealet er ikkje i tråd med omgrepet utviding, og blir derfor eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		Innspelet ligg i grensa til snaufjell på mellom 1025-1050 moh.

Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ja, heile arealet frå sør og oppover, totalt 100 daa, ligg innanfor naturtypen boreal hei av stor verdi (Sirestølsvaren). Berre den øvste delen på om lag 56 daa ligg utanom. Heile innspelet ligg også innanfor randsone villrein.
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med omgrepet utviding. I hovudsak heller ikkje fortetting, unntatt heilt i sør ved dei to eksisterande hyttene. Ein liten del her rører ikkje ved boreal hei, men Rådmannen tilrår ikkje å fortette her då det ligg innanfor 100-meters sona til vassdrag. Elles ligg heile innspelet innanfor randsone villrein. Samla sett er innspelet i strid med dei overordna arealføringane i kommunen, og Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB313		
Innspelsnummer: 116 Forslagsstillar: Villmark AS v/ Jon Ola Bergaplass etter avtale med grunneigar Gnr/bnr: 75/2 Storleik: 6,4 daa Dagens føremål: LNF (m/kulturminne) i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer området avsett til fritidsbustader. Arealet ligg innanfor bebyggelsesplan i hht reguleringsplan: Hausestølen gnr 75 bnr. 2, planID 2001001. Initiativtakar har spelt inn fleire område (FB309-FB313) som han ynskjer skal bli sett i samanheng.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er derfor ikkje fortetting. Innspelet ligg ca. 60 meter i luftlinje unna eksisterande byggeområde i vest og administrasjonen tolkar ikkje det som i «direkte nærleik» til eksisterande byggeområde. Innspelsområdet grensar altså ikkje i store delar av sin omkrins til det etablerte byggeområdet, og følgeleg er ikkje innspelet i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelet blir å rekne som eit nytt område, sjølv om det ligg langs veg.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet er ikkje i tråd med fortetting eller utviding, og blir å tolke som eit nytt område. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.

POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
FB314		
Innspelsnummer: Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	85 Ragnar Imset 63/11 Ca. 13 daa LNF villrein LNF spreidd	Kartbilete: 
Innspel: Initiativtakar ynskjer ikkje bygging av nye einingar, men moglegheit til å utvide eksisterande hytter. Han oppgjer at potensiell konflikt med rein er liten då endringane ikkje vil føre til auka bruk av hyttene.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		Ikkje kartlagd
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria, kommuneplanen og dei overordna arealføringane for kommunens arealbruk?		Innspelet omhandlar ikkje fortetting/utviding. Men ei endring av arealføremål i ei omsynssone for villrein vil Rådmannen sterkt rå i frå. Administrasjonen meiner at einkvar arealauke og/eller standardheving av fritidsbustader vil etter alt sannsyn auke bruken. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.

Politisk handsaming: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB315		
Innspelsnummer:	121	Kartbilette: 
Forslagsstillar:	Leveldåsen AS v/ Ole Tor Oleivsgard	
Gnr/bnr:	70/9 og 54/7	
Storleik:	Ca. 13 daa	
Dagens føremål:	Omsynssone «bevaring kulturmiljø» i område-regulering, og LNF.	
Ønska føremål:	Fritidsbustader og veg	
Innspel: Innspelsareala ligg innanfor Områderegulering Nysetlie/Venehovda Leveldåsen F3-1 og F3-2, planID 2011005, og kom opphavleg inn som eit planinitiativ i 2021. Innspelet omhandlar totalt ca. 44 tomter, samt vegstrekningar. Innspelsområda er vurdert i fem ulike område og gjeld FB315-FB319. I innspel FB315 er det ynskje om 12 tomter, samt veg.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, og fell utanfor definisjonen på fortetting. Arealet ligg langs vegen Venehovda, men likevel ikkje i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og er derfor ikkje i tråd med omgrepet utviding.
Nytt område		X Innspelsarealet blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet er ikkje i tråd med definisjonane på fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut. Området ligg også innanfor omsynssone «Bevaring av kulturmiljø» i Områdereguleringsplanen.

		Den eine grunneigarar som ligg innanfor dette området er imot reguleringsendringa.
--	--	--

Politisk handsaming: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB316		
Innspelsnummer:	121	Kartbilette: 
Forslagsstillar:	Leveldåsen AS v/ Ole Tor Oleivsgard	
Gnr/bnr:	66/4, 71/1 og 71/3	
Storleik:	Ca. 7 daa	
Dagens føremål:	LNF og skiløypetrasé	
Ønska føremål:	Fritidsbustader og veg	
Innspel: Innspelsareala ligg innanfor Områderegulering Nysetlie/Venehovda Leveldåsen F3-1 og F3-2, planID 2011005, og kom opphavleg inn som eit planinitiativ i 2021. Innspelet omhandlar totalt ca. 44 tomter, samt vegstrekningar. Innspelsområda er vurdert i fem ulike område og gjeld FB315-FB319. Fleire av innspela ligg i konflikt med regulerte skiløyper, og det står i planinitiativet at delar av skiløyper i området må leggest noko om. Innspel FB316 omhandlar fem tomter, samt veg.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område		X I områdereguleringa ligg dette innspelsarealet i direkte nærleik til andre regulerte hytter, men sidan ingen av desse er etablert, ligg innspelsarealet ikkje innanfor eller i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og fell derfor utanfor definisjonane fortetting/utviding. Innspelet blir derfor å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Nei, men innspelsarealet grensar til myr i nord.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med definisjonane fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område. Innspelsområdet ligg også over skiløypetraséar. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.

FB317

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB317		
Innspelsnummer:	121	Kartbilete: 
Forslagsstillar:	Leveldåsen AS v/ Ole Tor Oleivsgard	
Gnr/bnr:	72/1, 65/1 og 71/5.	
Storleik:	Ca. 4 daa	
Dagens føremål:	LNF og skiløypetrasé i områderegulering.	
Ønska føremål:	Fritidsbustader og veg	
Innspel: Innspelsareala ligg innanfor Områderegulering Nysetlie/Venehovda Leveldåsen F3-1 og F3-2, planID 2011005, og kom opphavleg inn som eit planinitiativ i 2021. Innspelet omhandlar totalt ca. 44 tomter, samt vegstrekningar. Innspelsområda er vurdert i fem ulike område og gjeld FB315-FB319. Fleire av innspela ligg i konflikt med regulerte skiløyper, og det står i planinitiativet at delar av skiløyper i området må leggest noko om. I innspel FB317 er det ynskje om tre tomter, samt veg på ca. 115 m.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, og er derfor ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. I nord ligg det eit etablert byggeområde med fire hytter, samt veg, og innspelsarealet kan tolkast til å ligge i direkte nærleik til dette området, men grensar ikkje til dette området i store delar av sin omkrins, og fell følgeleg utanfor definisjonen. Det ligg også eit etablert byggeområde mot sør(aust), men heller ikkje her grensar innspelsarealet til det etablerte byggeområdet i store delar av sin omkrins.
Nytt område	X	Innspelet blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		


Samla vurdering		Kommentar
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet fell utanfor definisjonane fortetting/utviding, og blir å rekne som eit nytt område. Delar av innspelsområdet ligg også over skiløypetrasé. Rådmannen tilrår derfor å ta innspelet ut. Den eine grunneigarar som ligg innanfor dette området er imot reguleringsendringa.

Politisk handsaming: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB318		
Innspelsnummer: 121 Forslagsstillar: Leveldåsen AS v/ Ole Tor Oleivsgard Gnr/bnr: 65/2, 64/2, 64/1, 65/6 og 63/1. Storleik: Ca. 23 daa Dagens føremål: LNF i reguleringsplan Ønska føremål: Fritidsbustader og veg	Kartbilette: 	
Innspel: Innspelsareala ligg innanfor Områderegulering Nysetlie/Venehovda Leveldåsen F3-1 og F3-2, planID 2011005, og kom opphavleg inn som eit planinitiativ i 2021. Innspelet omhandlar totalt ca. 44 tomter, samt vegstrekningar. Innspelsområda er vurdert i fem ulike område og gjeld FB315-FB319. Fleire av innspela ligg i konflikt med regulerte skiløyper, og det står i planinitiativet at delar av skiløyper i området må leggest noko om. I innspel FB318 er det ynskje om ca. 19 tomter, samt vegstrekningar.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	I områdereguleringa ligg dette innspelsarealet i direkte nærleik til andre regulerte hytter mot nordvest, og ei tomt har etablert hytte, men ein kan ikkje vurdere det til at innspelsarealet ligg innanfor eller i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og innspelsarealet fell derfor utanfor definisjonane fortetting/utviding. Innspelsarealet grensar heller ikkje til dette feltet i store delar av sin omkrins. Innspelet blir derfor å rekne som eit nytt område der ny infrastruktur som veg må etablerast.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		Nei, men delar av innspelsarealet grensar til myr.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		


Samla vurdering		Kommentar
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet fell utanfor definisjonane fortetting/utviding, og blir derfor å rekne som eit nytt område. Området vil krevje opparbeiding av ny veg, som vil måtte krysse skiløypene, men innspelet har med eit forslag på ny skiløypetrasé. Den eine grunneigarar som ligg innanfor dette området er imot reguleringsendringa. Sidan innspelsarealet er å rekne som eit nytt område, tilrår Rådmannen å ta det ut.


Politisk handsaming: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB319		
Innspelsnummer: 121 Forslagsstillar: Leveldåsen AS v/ Ole Tor Oleivsgard Gnr/bnr: 64/1 og 63/1 Storleik: Ca. 6,5 daa Dagens føremål: Skiløypetrasé og LNF i Områderegulering. Ønska føremål: Fritidsbustader og veg	Kartbilette: 	
Innspel: Innspelsareala ligg innanfor Områderegulering Nysetlie/Venehovda Leveldåsen F3-1 og F3-2, planID 2011005, og kom opphavleg inn som eit planinitiativ i 2021. Innspelet omhandlar totalt ca. 44 tomter, samt vegstrekningar. Innspelsområda er vurdert i fem ulike område og gjeld FB315-FB319. Fleire av innspela ligg i konflikt med regulerte skiløyper, og det står i planinitiativet at delar av skiløyper i området må leggest noko om. I innspel FB319 er det ynskje om fem tomter, samt veg.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		
Nytt område	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor eller i direkte nærleik til etablert byggeområde, og fell derfor utanfor definisjonane på fortetting og utviding. Innspelet er å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark	X	Vegen til delar av området frå vest vil måtte krysse myra med ca. 20 meter.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Vegen til delar av området frå vest vil krysse myra og skiløype, men innspelet har med alternativ løypetrasé. Sidan innspelsarealet blir definert som eit nytt område, tilrår Rådmannen å ta det ut.

Vats


Oversiktskart



Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB202		
Innspelsnummer: 74 Forslagsstillar: Torbjørn Hovdegard m fl. Gnr/bnr: 86/1, 86/2 og 85/1. Storleik: Ca. 197,7 daa totalt, ca. 54 daa av dei ligg inne som eksisterande fritidsbygg. Dagens føremål: LNF 2A, LNF 2B og LNF Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakarar ynskjer utviding av eksisterande hyttefelt i Vats; Vats hyttegrennd.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg over etablert byggeområde, men ikkje innanfor ein reguleringsplan. Her ligg dei eksisterande hyttene innanfor LNF 2A område. I gjeldande KPA er det jf punkt 3.1.1. byggeforbod i 2 A område for nye fritidshus eller frådelling av tomter til dette. Administrasjonen meiner derfor det ikkje skal opnast for fortetting her. Innspelsarealet går også utanfor LNF 2A område, og området for utviding er på om lag 150 daa kring eit utbygd areal på ca. 55, det er derfor i strid med definisjonen på utviding då det er klart større enn eksisterande utbyggings-område.
Nytt område	X	Delar av innspelet som omhandlar utviding er ikkje i tråd med definisjonen på utviding, og blir derfor å rekne som nytt område.
Ligg over skoggrensa		Innspelsarealet startar på ca. 910 moh og mot nord er det ca. på 1015 m og i overgangen til snaufjell.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging	X	Ein mindre del heilt i nord rører så vidt ved boreal hei av stor verdi.
Rører ved myr og våtmark	x	Ja, innspelet rører så vidt myr mot vest.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område	x	Ja, det renn ein bekk med flaumsone frå nordvest og gjennom heile området. Det ligg ikkje innanfor aktsemdssone for skred, men delar av området er svært bratt.
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling


Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er ikkje i tråd med definisjonen på utviding, og fortetting innanfor LNF 2A er i strid med gjeldande KPA. Ut i frå utvalskriteria tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.
--	--	---

POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.


Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB203		
Innspelsnummer: 75 Forslagsstillar: Stein-Vidar Skarsgård Gnr/bnr: 92/4 Storleik: Ca. 150 daa Dagens føremål: Friluftsføremål i reguleringsplanen Ønska føremål: Fritidsbustader	Kartbilete: 	
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001, både på aust- og vestsida av fylkesveg 2930. Innspelet består av fleire område (FB203 – 211 kor alle har innspelsnummer 75) , som totalt er på om lag 317 daa.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde, og er ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. Innspelsarealet ligg i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og grensar mot dette arealet langs aust, nord og delvis sør, og grensar mot veg mot vest. Samla sett grensar området i store delar av sin omkrins til eksisterande byggeområde og er i tråd med utviding. Innspelet må vidare vere «klart mindre enn» det eksisterande utbyggingsområdet. Dette innspelet er stort, men likevel mindre enn det eksisterande utbyggingsområde, men ikkje klart mindre, og administrasjonen vurderer det til at innspelet må nedjusterast noko.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling

Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria, kommuneplanen og dei overordna arealføringane for kommunens arealbruk.		Samla sett er innspelet i tråd med definisjonen utviding, dersom ein nedjusterar det noko. Innspelsområdet ligg ikkje innafor skredutsett område, men store delar av arealet er likevel svært bratt og må vurderast nærmare i ein KU. Det står i Dei overordna arealføringane under «Levande grender» pkt. b) hytte/fritidsbustader at: «Det er opning for hyttefelt rundt skisenter og aktivitetsparkar.» Dette området ligg nær Skarslia skisenter. Angående VA er det tvilsamt at det er mogleg å kople seg på kommunalt reinseanlegg for dette området pga kapasitetsutfordringar. Rådmannen innstiller på å nedjustere arealet, og vurdere innspelet nærmare i ein KU.
--	--	--


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB204		
Forslagsstillar: Stein-Vidar Skarsgård Gnr/bnr: 92/4 Storleik: Ca. 120 daa Dagens føremål: LNF i reg.planen Ønska føremål: Fritidsbustader		Kartbilette: 
Innspele: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001, både på aust- og vestsida av fylkesveg 2930. Innspelet består av fleire område (FB203 -211) , som totalt er på om lag 317 daa.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelsarealet ligg ikkje innanfor etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er følgeleg ikkje i tråd med definisjonen på fortetting. Innspelet ligg heller ikkje i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, og fell ikkje innunder definisjonen på utviding.
Nytt område	X	Innspelet blir å rekne som eit nytt område.
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet ler ikkje i tråd med definisjonane fortetting eller utviding, og blir å rekne som eit nytt område kor det i stor grad må bli laga ny infrastruktur. Rådmannen tilrår å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB205		
Forslagsstilar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	Stein-Vidar Skarsgård 92/4 Ca. 10 daa Friluftsføremål i reguleringsplan Fritidsbustader	Kartbilete: 
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001, både på aust- og vestsida av fylkesveg 2930. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211) , som totalt er på om lag 317 daa.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelet ligg innanfor og inntil eksisterande utbyggingsområde i ein reguleringsplan, og fell derfor innunder definisjonane både på fortetting og utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er i tråd med fortetting/utviding. Rådmannen tilrår å vurdere området nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB206		
Forslagsstilar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	Stein-Vidar Skarsgård 92/4 Ca. 16,2 daa Friluftsføremål i reguleringsplanen Fritidsbustader	Kartbilette: 
Innspel: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001, både på aust- og vestsida av fylkesveg 2930. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211) , som totalt er på om lag 317 daa.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding	X	Innspelet ligg ikkje i mellom eksisterande hytter og etablert byggeområde, og fell utanfor definisjonen på fortetting. Innspelet ligg likevel i direkte nærleik til eksisterande bebyggelse, både mot sør og vest, og er i tråd med definisjonen på utviding.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		Arealet har skogdekke, men ligg heilt i grensa på snaufjell. Innspelsarealet går frå 1062-1096 moh.
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		Nei, men grenser i nord til naturtypen kalkfattig og intermediær fjellhei med høg kvalitet.
Rører ved myr og våtmark		AR5 viser ikkje myr her, men synfaring viser at det er myrlendt terreng nedst mot vegen.
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelet er i tråd med definisjonen utviding. Likevel ligg innspelet høgt, i grensa til snaufjell og vil kunne skapa silhuett verknad. Området er også stadvis svært bratt med helling på 1:3. Ut i frå ei samla vurdering tilrår Rådmannen å ta innspelet ut.


POLITISK HANDSAMING: UT i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB207		
Forslagsstiller: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	Stein-Vidar Skarsgård 92/4 Ca.7,8 daa Friluftsføremål i reguleringsplanen Fritidsbustader	Kartbilete: 
Innspelet: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001, både på aust- og vestsida av fylkesveg 2930. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211) , som totalt er på om lag 317 daa.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		X Innspelsområdet ligg i mellom eksisterande hytter i ein reguleringsplan, og følgeleg i tråd med definisjonen på fortetting. Det står ikkje konkret kor mange einingar det er ynskje om å fortette med, men det må vere klart mindre enn i det eksisterande byggeområdet rundt.
Nytt område		
Ligg over skoggrensa		
Rører ved truga naturtypar/naturtypekartlegging		
Rører ved myr og våtmark		
Ligg i skred- og/eller flaumutsette område		
Samla vurdering		Kommentar og Rådmannens innstilling
Er innspelet i tråd med grovsilingskriteria og kommuneplanens overordna arealføringar for kommunens arealbruk?		Innspelsarealet er i tråd med definisjonen på fortetting, og Rådmannen tilrår å vurdere området nærmare i ein KU.


POLITISK HANDSAMING: Til konsekvensutgreiing i sak 37/2024 i møte den 09.12.2024.

Grovsiling av innspela til kommuneplanens arealdel 2023 – 2035		
Fritidsføremål: FB208		
Forslagsstillar: Gnr/bnr: Storleik: Dagens føremål: Ønska føremål:	Stein-Vidar Skarsgård 92/4 Ca. 2,5 daa Friluftsføremål i reguleringsplanen Fritidsbustader	Kartbilete: 
Innspelet: Initiativtakar ynskjer fortetting og utviding innanfor Detaljreguleringsplan Skarslia, Skarslia Nordre gnr. 92 bnr. 4, revidering, planID 2010001, både på aust- og vestsida av fylkesveg 2930. Innspelet består av fleire område (FB203 - 211) , som totalt er på om lag 317 daa.		
Grovsilingskriterium		Kommentar
Fortetting og/eller utviding		Innspelet ligg ikkje i mellom eksisterande hytter og i etablert byggeområde i ein reguleringsplan, og er ikkje fortetting. Men innspelsarealet ligg i direkte nærleik til eksisterande felt, og kan vere i tråd med utviding. Tomta går likevel ut frå bebygd område og grensar ikkje i store delar av sin omkrins til eksisterande felt, berre mot sørvest. Tomta som ligg mot søraust er ikkje bebygd.
Nytt område		X Tomta fell ikkje under definisjonen på utviding, og blir å rekne som eit nytt område.
